



Førde kommune



Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2018 - 2020
Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Føreord

Vald og overgrep i nære relasjonar har eit omfattande omfang og er eit problem i alle kommunar i landet. Det er alvorleg kriminalitet, eit angrep på grunnleggjande menneskerettar og eit folkehelseproblem.

I tillegg til dei store konsekvensane for den enkelte, der valden i ytterste konsekvens tar liv, har vald og overgrep i nære relasjonar også store samfunnsøkonomiske kostnader i form av auka behov for hjelpetiltak. Vald i nære relasjonar kostar det norske samfunnet mellom 4,5 og 6 milliardar kroner årleg (Vista Analyse 2012).

«Den som opplever vold i hjemmet kan ikke lukke døra til verden utenfor og føle seg trygg. Hjemmet blir et farlig sted, og den som skulle gi støtte og nærhet blir en trussel. Følgene er alvorlige både for den som utsettes direkte og for eventuelle barn som lever i en tilværelse preget av vold» (St.meld. 15: 2012-2013).

Det kommunale tenesteapparatet er pålagt eit stort ansvar og er ein viktig aktør for å nå visjonen vår om nulltoleranse for vald.

Når vald blir avdekka, skal det kommunale tenesteapparatet kunne gje rett hjelp til rett tid og ha eit godt samarbeid med aktørar også utanfor dei kommunale tenestene. Arbeid mot vald i nære relasjonar er sektorovergripande og har særlege utfordringar som kommunen må sikre heilskaplege tiltak overfor.

Gjennom handlingsplanen tek kommunen sikte på å auke kunnskapen og kompetansen om vald, kunne identifisere offer for vald i nære relasjonar, sikre naudsynt hjelp og vern, samt utarbeide gode prosedyrar for samarbeid og samhandling.

Handlingsplanen skal sørge for merksemd på eit område som kan true gode oppvekstvilkår og god folkehelse for alle innbyggjarane i kommunen. Handlingsplanen har eit spesielt fokus på barn og unge.

Førde kommune har mål om tryggleik og trivsel for alle. Førde skal vere ein god og attraktiv kommune å vekse opp i, leve i og bli eldre i.

Førde 26.02.18

Ole John Østenstad
Rådmann

1 Innhald

DEL 1 TEORIDEL	4
2 BAKGRUNN FOR HANDLINGSPLANEN	4
3 ULIKE DEFINISJONAR OG TYPAR VOLD I NÆRE RELASJONAR	6
4 OMFANG	9
5 SPESIELT SÅRBARE GRUPPER	10
5.1 BARN OG UNGE 0-18 ÅR	10
5.2 VAKSNE – MED SPESIELL FOKUS PÅ VALD MOT KVINNER	12
5.3 GRAVIDE	12
5.4 ELDRE	13
5.5 PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE.....	13
5.6 PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING	14
5.7 PERSONAR MED PSYKISK OG/ELLER RUSRELATERTE UTFORDRINGAR	14
5.8 FLYKTNINGAR OG ASYLSØKJARAR	15
5.9 LESBISKE, HOMOFILE, BIFILE OG TRANSPERSONAR (LHBT)	15
6 VALDSUTØVAR	16
7 REGELVERK SOM OMHANDLAR VALD I NÆRE RELASJONAR	16
8 PLIKT OG ANSVAR FRÅ OFFENTLEG TENESTER OG TILSETTE	19
9 TILBOD TIL VALDSUTSETTE	20
10 TILBOD TIL VALDSUTØVAR	25
DEL 2 KONKRETE TILTAK / HANDLINGSPLAN FOR FØRDE KOMMUNE	27
11 OPPSUMMERING AV DEI VIKTIGASTE BEHOV OG TILTAK	27
12 TILTAK OG BEHOV I FORHOLD TIL KVAR ENKELT SÅRBAR GRUPPE	29
12.1 BARN 0 – 18 ÅR:.....	29
12.2 VAKSNE – MED SPESIELT FOKUS PÅ VALD MOT KVINNER	32
12.3 GRAVIDE	34
12.4 ELDRE.....	36
12.5 PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	38
12.6 PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING.....	39
12.7 PERSONAR MED PSYKISK OG/ELLER RUSRELATERTE UTFORDRINGAR	40
12.8 FLYKTNINGAR OG ASYLSØKJARAR	43
12.9 LESBISKE, HOMOFILE, BIFILE OG TRANSPERSONAR (LHBT)	46
13 AKTUELLE LOVVERK OG LENKJER	48

Del 1 Teoridel

2 Bakgrunn for handlingsplanen

Nasjonale føringer

Å kjempe mot vald og overgrep er eit høgt prioritert område for regjeringa og samarbeidspartia. Samfunnet si viktigaste oppgåve er å verne borgarane sine. At menneske blir utsett for vald og overgrep vedkjem oss alle.

Regjeringa har forplikta seg til å styrke innsatsen på dette området gjennom:

- **«Et liv uten vold» Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2014 - 2017**

Handlingsplanen blei utarbeidd i eit samarbeid mellom fleire departement. Det blei avsett midlar for iverksetting av tiltak for at hjelpeapparatet skulle bli betre skulert, meir samordna og dyktigare til å avdekke, førebygge og ivareta dei samansette problemstillingane.

Hensikta var å:

- Førebygge og minske den lidinga valden medfører for kommunen sine innbyggjarar
- Sette innsatsområde på dagsorden, blant anna for å auke fokus på dette blant alle innbyggjarar
- Samordne og gjere tydeleg dei ulike tenestene sine bidrag og ansvarsområde
- Auke kompetanse og kunnskap gjennom samarbeid

Regjeringa forplikta seg til vidare styring av innsatsen gjennom:

- **Prop. 12 S (2016-2017) Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)**

Opptrappingsplanen gjev ei oversikt på dagens situasjon, hovudutfordringane og tiltak for å kjempe mot vald og overgrep. Planen inneheld kortsiktige og langsiktige tiltak, samt strategiar for å møte utfordringane.

Andre sentrale dokument for planarbeidet

- Vold i nære relasjonar – rettleiar for utvikling av kommunale handlingsplaner, RTVS (Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging) og NKVTS (Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress) på oppdrag av Justis- og politidepartementet (2010)
- «Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar» Stortingsmelding 15, 2012 - 2013

- «Barndommen kommer ikke i reprise» Strategi for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom 2014 - 2017
- «En god barndom varer livet ut» Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom 2014 – 2017
- Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet 2013 – 2016
- Vedrørende beredskapsråd og vold i nære relasjoner/vold og seksuelle overgrep mot barn i et samfunnssikkerhetsperspektiv. Justis- og beredskapsdepartementet 2016
- FNs verdenserklæring om menneskerettigheter
- Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK)
- FNs barnekonvensjon
- «Våg å se, våg å spørre, tørre å handle» Veileder. Hjelp ved vold i nære relasjoner. Norsk krisesenterforbund
- Nou 207:12 "**Svikt og svik**" Gjennomgang av saker hvor barn utsatt for vold og seksuelle overgrep og omsorgssvikt - Avgitt til Barne- og likestillingsdepartementet 22. juni 2017
- «Barn i krise» Samarbeid mellom barnevern og politi. (Rapport 4/2017 - NKVTS)

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026



Kommuneplanen sin samfunnsdel definerer fokusområde og satsingar for åra fram mot 2026.

Eitt fokusområde er: Fårde - for menneske i alle livets fasar

- Vi har trygge og gode oppvekstvilkår

Andre kommunale planar som må sjåast i samanheng med denne planen.

- «Helse- og omsorgsplan for Førde kommune 2015 - 2026»
- «Plan for born og unge 2016 – 2026 – I Førde har vi trygge og gode oppvekstvilkår»
- «Plan for busetjing og integrering av flyktningar 2017 - 2026, Førde – ein by med internasjonalt mangfald!»
- «Ruspolitisk handlingsplan 2016 - 2020»
- «Tidleg intervensjon for barn i risiko 0 - 6 år – rettleiar for korleis Førde kommune jobbar med desse borna»

Lokal planprosess

Leiargruppa i Førde kommune ynskjer å prioriterer og styrke det viktige arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjonar. Leiargruppa vedtok difor å setje ned ei arbeidsgruppe med mandat om å utarbeide ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Arbeidsgruppa vart sett saman tverrfagleg med personar som jobbar opp mot sårbare grupper for vald i nære relasjonar, og som hadde spesiell kompetanse som var viktig for planprosessen, samt at dei kunne koordinere arbeidet vidare ut i dei ulike einingane.

Arbeidsgruppa har hatt møte og søkt råd hjå både interne og eksterne aktørar, som er viktige for å kunne oppnå regjeringa og kommunen sine overordna mål mot vald og overgrep i nære relasjonar.

3 Ulike definisjonar og typar vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er eit omfattande samfunnsproblem, eit menneskerettsproblem, eit demokratisk problem, eit likestillingsproblem, eit kriminalitetsproblem og eit folkehelseproblem.

Valden kan omfatte alt frå fysisk vald, seksuelle overgrep og kjønnslemlesting, til psykisk vald, inkludert truslar om vald, til sosial vald med isolasjon eller avgrensing av kontaktar og vald i form av kontroll med økonomiske ressursar.

Vald i nære relasjonar har ofte blitt sett på som familievald eller vald i heimen. Vald i nære relasjonar er vanlegvis forstått som partnervald, vald mot barn og barn som lever med vald i familien. Etterkvart har omgrepet også blitt utvida til vald mellom personar som kjenner kvarandre og som står kvarandre nær, eller der det eksisterer eit forhold der ein er avhengig av kvarandre. Dette blir ofte omtalt som den private valden, i motsetning til vald som blir utført av ukjente personar. Seksuelle overgrep, valdtekt og vald mot eldre er også sentrale område innanfor feltet. Dei siste åra har merkemda i aukande grad også blitt retta mot barn som er vitne til vald, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og menneskehandel. Ein har ut frå dette no ein meir utvida definisjon av vald i nære relasjonar.

Politiet sin definisjon

Vald eller truslar om vald overfor personar som er eller har vore gift eller som lever eller har levd i ekteskapsliknande forhold. Det gjeld også søsken, barn, foreldre, besteforeldre og andre i rett opp- eller nedstigande linje, samt adoptiv-, foster- og steforhold.

Barne- og likestillingsdepartementet sin definisjon

«Vold kan forstås som et mønster av overgrep og manipulerende atferd som kan være fysisk, psykisk, emosjonell, økonomisk og/eller seksuell, som overgripere bruker mot deres partnere og/eller barn. Adferdsmønsteret er hverken impulsivt eller «ute av kontroll», det er derimot målrettet, instrumentelt og har underdanighet og kontroll over offeret som funksjon».

Alternativ til vold / Per Isdal sin definisjon av vold

«Vold er alle handlinger rettet mot en annen person som skadar, smerter, skremmer eller krenker, får den andre personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutter å gjøre noe en vil.»

Ein annan måte å definere kva som er vald, er å skilje mellom ulike former for vald.

Fysisk vald

Fysisk handling som skadar eller kontrollerer eit anna menneske.

Fysisk mishandling inkluderer å slå, sparke, lugge, bite, skubbe, angripe med ulike gjenstandar som knivstikking, binding, brennmerking, syreangrep og bruk av våpen. Det omfattar også kvelingsforsøk og forsøk på drukning.

Psykisk vald

Bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerer, skadar eller krenkar eit anna menneske. Medan mange par kan sei ting dei angrar på, blir psykisk mishandling definert som repeterande krenkingar utan omsyn til den andre sine kjensler. I nokre forhold / familiar førekjem berre psykisk mishandling, medan all fysisk mishandling også inneheld psykisk mishandling.

Psykisk mishandling inkluderer:

Utskjelling, truging, gjenteken sårande kritikk, ignorering, audmjukande urette skuldingar og forhøyr.

Seksuell vald

Den seksuelle handlinga baserar seg på overgripar sine behov og krenkar den utsette sin integritet. Denne type åtfærd blir utført for å kontrollere og audmjuke den andre, og inneheld ofte moment av vald, tvang eller truslar.

Seksuell mishandling inkluderer:

Uynskt berøring, påtvungen seksuell aktivitet, smertefull seksuell aktivitet, valdtekt, sadistiske seksuelle handlingar, påtvinge seksuell aktivitet med andre, påtvinge seksuell aktivitet medan andre ser på.

Prostitusjon/trafficking:

Personar som blir utsett for menneskehandel. Menneskehandel er eit grovt brot på menneskerettar.

Materiell vald

Materiell vald er vald som går ut over daude gjenstandar. Dette inkluderer for eksempel å knuse eller øydelegge vindauge og dører, kaste gjenstandar og øydelegge ting andre er glad i. Mange vil sei at dette ikkje er vald, fordi det ikkje går direkte utover andre menneske. Likevel kan det hende at ein øydelegg noko som har verdi for andre. Det å sjå eit anna menneske øydelegge og knuse ting i sinne kan være svært skremmande og dermed skadeleg.

Latent vald

I nære relasjonar der det førekjem vald, kan latent vald bli den dominerande forma for vald. Valden ligg i lufta, det er ein spesiell stemning før eller etter ein valdsepisode. Barn er spesielt sensitive og oppfattar dette tidleg, sjølv om det ikkje er barnet som er direkte truga.

Økonomisk vald

Den eine parten blir nekta å ha kontroll over eigen eller felles økonomi.

Strukturell vald

Ein form for vald kor sosiale strukturer eller sosiale institusjonar skadar menneske gjennom å forhindre at deira grunnleggande behov blir oppfylt. For eksempel Apartheid regimet.

Digital vald

Truslar, trakassering, overvaking og kontroll via mobiltelefon eller sosiale media.

Mobbing

Det er mobbing når ein person gjentekne gongar og over tid blir utsett for negative handlingar.

Dette kan dreie seg om trakassering, plaging, utfrysing, sårande erting og liknande. Det er typisk for situasjonen at den utsette ikkje er i stand til å forsvare seg.

Når det gjeld barn/unge, viser undersøkingar at det i gjennomsnitt er ein til to elevar i kvar klasse som blir utsett for mobbing.

Alle kan bli utsett for mobbing og mobbinga rammar forholdsvis tilfeldig; både dei sårbare – og dei pene og flinke som utmerkar seg positivt på skulen eller til dømes i idrett.

Vald relatert til ære

Vald relatert til ære er vald i nære relasjonar som blir kjenneteikna ved at den blir utført for å vedlikehalde eller rette opp familien sin ære. Vald relatert til ære kan utarte seg på mange ulike måtar. Det kan være truslar, utstøyting, isolasjon, tvangsekteskap, kjønnslemlestelse, samt å bli pressa til sjølv mord.

Kjønnslemlestelse

Kjønnslemlestelse er ei grov krenking av grunnleggjande menneskerettar. Det er straffbart i Norge. Personar busett i Norge som medverkar til omskjering kan bli straffa, sjølv om inngrepet blir utført i utlandet. Kjønnslemlestelse representerer alvorlege overgrep med store helsemessige og sosiale konsekvensar.

Tvangsekteskap

Tvangsekteskap er ei krenking av grunnleggjande menneskerettar. Etter ekteskapslova § 1b har kvinner og menn same rett til å velje ektefelle.

Ekteskap skal bli inngått av eigen fri vilje og med eige samtykke. Straffelova § 222 har ei strafferamme på fengsel i inntil 6 år i desse sakene. Tvangsekteskap er ulovleg sjølv om det er inngått i utlandet så lenge ein av partane er norsk statsborgar.

Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og vald relatert til ære.

- «Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet 2013-2016» Regjeringens handlingsplan utgitt i 2013.

4 Omfang

Det finst ingen datakjelde som er særleg eigna som indikator på vald i nære relasjonar på kommunenivå (Statusrapport «Et liv uten vold» juli 2017).

På Ungdata 2017 oppga 5% av ungdomskuleelevane i Førde at dei hadde blitt skada på grunn av vald i løpet av dei siste 12 månadane.

I same undersøking oppga også 5% av elevane i vidaregåande skule at dei hadde blitt skada på grunn av vald siste året. 10-12 % oppgav at dei hadde blitt slått utan å få synlege skadar (ungdata.no).

Barneverntenesta for Førde og Gaular har hatt ein auke i tal valdsmeldingar dei siste åra:

Meldingar om vald eller vitne til vald i nære relasjonar	År	Tal meldingar totalt
2	2011	57
2	2012	75
6	2013	65
14	2014	142
28	2015	137
28	2016	138
22	2017	132

(Helseoversiktsdokument for Førde kommune)

I 2016 vart 108 barn og i 2017 vart 89 barn frå Sogn og Fjordane sendt til avhøyr og undersøking ved Barnehuset i Bergen (tal frå valdskoordinator i politiet).

Overgrepsmottaket ved FSS har hatt ein stor auke i saker. Frå 01.09.2016 – 01.09.2017 hadde mottaket tatt imot 35 saker. Ein tolkar ikkje dette som ein auke i forhold til vald, men at tilbodet er blitt meir kjent og utvida (tal oppgitt frå overgrepsmottaket FFS).

Politi, krisesenter, familiekontor, støttesenter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO) og overgrepsmottaket ved FSS er samstemte om at Førde kommune speglar resten av samfunnet i forhold til at vald i nære relasjonar er eit alvorlig samfunnsproblem.

Den alvorlige valden (5%) er stabil eller går noko opp. Den alvorlige valden er ofte knytt til rus og/eller psykiske utfordringar, fattigdom, arbeidsløyse og lav utdanning. Den alvorlege valden har difor stor kompleksitet og krev avansert og kompetent behandling og samarbeid over tid (Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress - NKVTS).

Trass i større openheit og merksemd rundt vald i nære relasjonar, opplever mange det som vanskeleg å identifisere seg sjølv som valdsutsett. Rolla som valdsutsett kan bli opplevd som stigmatiserande og knytt til førestillingar om avmakt. I tillegg vil mange oppleve det som eit lojalitetsbrot at ein utleverer foreldre, partner eller ektefelle.

Særleg valdtekt er framleis skjult. Det inneber at få oppsøker helsetenester, få melder frå til politiet, og ein del fortel aldri til nokon andre kva dei har vore utsett for (Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress - NKVTS).

5 Spesielt sårbare grupper

Vald i nære relasjonar har både ein alders- og ein kjønnsprofil. Vald er framleis ein sentral del av mange barn sin kvardag og oppvekst. Kvinner er i langt større utstrekning enn menn utsett for alvorleg vald i nære relasjonar.

Stortingsmelding nr.15 (2012/2013) «Forebygging og bekjempelse av vald i nære relasjonar» syner til at graviditet, personar med nedsett funksjon, utviklingshemming, psykiske lidningar og/eller rusmisbruk samt religion kan være risikofaktorar for å bli utsatt for vald.

Innsette i fengsel, innvandrar og flyktningar, samar og andre nasjonale minoritetar, eldre, lesbiske, homofile, bifile og transpersonar kan også i større grad stå i fare for å bli utsett for vald i nære relasjonar.

5.1 Barn og unge 0-18 år

Omfangundersøking utført av Norsk kunnskapscenter om vald og traumatisk stress (NKTVS) i 2014 synte at:

- 21 % av ungdom oppgav å ha vore utsett for fysisk vald frå sine foreldre i løpet av oppveksten
- 6 % har vore utsett for grov vald frå foreldra sine
- 8 % har erfart vald mellom foreldra sine
- 15 % av norske menn og kvinner oppgir å ha vore utsett for ein eller fleire former for seksuelle overgrep før fylte 18 år. Jenter er langt oftare utsett enn gutar

I Nova rapport 20/07 «Vald og overgrep mot barn og unge – en selvrporteringsstudie blant avgangselever i videregående skole» kom det fram at begge foreldra utøver vald mot barna sine. Fleire rapporterte om mildare vald frå mor (19%) enn frå far (13%).

Som samfunn har Norge kome eit stykke på veg i arbeidet med å verne barn og ungdom mot «mindre alvorleg» vald, seksuelle overgrep og mobbing – mellom anna i forhold til oppdragarvald. Det har vi oppnådd gjennom politiske slutningar, lovgjeving, kunnskapsutvikling og offentlege diskusjonar. Samt gjennom fagpersonar, foreldre og barn sin eigen innsats og media si merksemd. Den mest alvorlege valden på 5-6 % er framleis stabil eller aukar (Nasjonalt kunnskapscenter om vald og traumatisk stress - NKVTS).

Omfattande forskning syner kor alvorleg det kan vere å bli utsett for vald, anten det er å vere vitne til vald mot ein av foreldra, eller sjølv å bli utsett for direkte vald, seksuelle overgrep eller mobbing. Det kan blant anna føre til omfattande kognitive, sosiale, psykiske og fysiske problem både på kort og lang sikt. Vald mot barn og unge er ei utfordring for folkehelsa. Vald påverkar hjernen si utvikling. At barna si utvikling blir påverka av relasjons-traume, dels i alvorleg grad, blir understreka av nevropsykologiske funn. Ein barndom med vald gjev utfordringar som vaksen. (Nasjonalt kunnskapscenter om vald og traumatisk stress - NKVTS).

Å leve med frykt skadar barn sin hjerne

Forskning syner samanheng mellom traumatisering i barndommen og ei rekke tilstandar som kan syne seg i vaksen alder. Dette kan mellom anna vere rusmisbruk, ulike vanskar i personlegdom, utfordringar i forhold til mat, angst og depresjon, somatoform sjukdom (ein tilstand med kroppslege symptom og teikn utan at det ligg føre ein konkret sjukdom), hjarte- og karsjukdom, immunologisk sjukdom og seksuelle vanskar. Barn som har blitt traumatisert

kan ha konsentrasjonsvanskar og høg grad av indre uro (Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress - NKVTS).

Forsking syner at barn som er vitne til vald og som lever i konstant redsel for ny vald, kan få depresjon, angst for tap av foreldre og angst for at dei sjølve skal bli ramma av valden. Dei tek ofte på seg rolla som verje for alle i husstanden.

Nokre barn viser også valdsåtfærd mot andre. Barn som er vitne til eller blir utsett for vald står i fare for sjølve å utøve vald som vaksen (NKVTS).

Psykisk vald er vanskeleg å avdekke. Det har dei seinare åra vore ein auke av saker med store konfliktar mellom skilte foreldre. Sakene blir ofte meldt frå barnehagar, skular, helsesøstrer eller foreldra sjølv. Det er vanskeleg å definere graden av psykisk vald overfor barnet. Erfaringa er at det blir avdekkja stadig fleire saker med psykisk vald (Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress - NKVTS).

Ungdommar som har foreldre med innvandrarbakgrunn er både meir utsatt for vald og meir vitne til vald enn andre ungdommar. I Kalve og Dyrhaugs rapport «Innvandrerbarn i barnevernet 2009» kjem det fram at det finst ein klar overvekt av saker om fysisk mishandling av barn blant fyrste generasjon innvandrarbarn i barnevernet.

Regjeringa sin tiltaksplan mot vald i nære relasjonar «En god barndom varer livet ut», inneheld 43 tiltak for å førebygge vald og seksuelle overgrep mot barn og unge.

Regjeringa har prioritert dette arbeidet høgt gjennom fleire år med systematisk innsats for å styrke likestillinga og synleggjere valden. I planen står det at å kjempe mot vald og overgrep mot barn og unge, er Norge sitt viktigaste bidrag for å oppnå trygge oppvekstforhold, som gjev barn god helse og livskvalitet.

Barn har trong for spesiell vern sidan dei er umodne fysisk og psykisk. Dei har difor sine egne rettar i FN's barnekonvensjonen. Barna skal ha rett hjelp til rett tid slik at vald og overgrep blir stansa. Små barn har større risiko enn eldre barn for å bli utsett for fysisk mishandling. Det er flest spedbarn som døy av fysisk mishandling (FN's barnekonvensjon artikkel 19 og 34).

Å kjempe mot vald og overgrep mot barn og unge, er Norge sitt viktigaste bidrag for å oppnå trygge oppvekstvilkår, som gjev barn god helse og livskvalitet.

Barneombudet sitt hovudprosjekt i 2017 og 2018 er å jobbe for at barn, ut frå eit helseperspektiv, skal bli sikra ein barndom utan vald «Voldsfri barndom – god helse»

Barneombudet sitt prosjekt er delt inn i to delar. Den eine delen handlar om barn og unge sin medverknad - ved å hente inn råd frå barn og unge som sjølv har vore utsett for vald og overgrep.

Den andre delen av prosjektet er retta direkte mot dei som kan bidra til å førebygge vald og overgrep mot barn og unge. Her blir relevante toppolitikarar, direktørar og leiarar frå ulike delar av helseforvaltninga, saman med leiarar frå ulike fagforeiningar invitert til det barneombudet kallar høgnivåmøter. Målet med møta er at aktørane skal forplikte seg til å jobbe konkret mot målet om å sikre ein valdsfri barndom.

5.2 Vaksne – med spesiell fokus på vald mot kvinner

Ei undersøking gjennomført av By- og regionforskningsinstituttet (NIBR) og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) i 2005 viser at kvar fjerde kvinne har vore utsett for ein eller anna form for vald eller truslar om vald i Norge. Same undersøking syner at ein av ti kvinner har opplevd valdtekt etter dei har fylt 15 år, og to av ti har opplevd valdtektforsøk.

For to av tre valdsutsette kvinner er gjerningspersonen eit familiemedlem eller ein nær kjent. For menn er gjerningspersonen kjent i halvparten av valdstilfella.

I 2014 kom den andre omfangsundersøkinga på vald og valdtekt i Norge utført av Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress (NKVTS). Denne syner at like mange menn (16,3 prosent) som kvinner (14,4 prosent) rapporterte om mindre alvorleg vald frå partnar. Slik vald kan til dømes vere å klype, klore, lugge eller slå med flat hand.

Fleire kvinner (8,2 prosent) enn menn (1,9 prosent) hadde vore utsett for alvorleg vald frå partnar. Desse oppga å ha blitt sparka, tatt kvelartak på eller blitt banka opp. 2/3 av både kvinner og menn som var utsett for alvorleg vald frå partnar var også utsett for kontrollerande åtferd frå partnar. Det er ut frå dette framleis viktig å ha eit særleg fokus på menn sin vald mot kvinner.

Tal frå politiet sin nasjonale rapport om meldt kriminalitet og straffesakshandsaming syner at det i 2014 vart registrert totalt 3075 tilfelle av mishandling i familieforhold.

Vaksne som er utsett for vald i nære relasjonar treng hjelp til å kome ut av valdelege forhold, hjelp til å komme seg gjennom traume og hjelp til nyetablering. Det krev at kommunen i samarbeid med andre eksterne instansar, kan gje praktisk hjelp og koordinering av nødvendige tiltak.

5.3 Gravide

Gravide som gruppe er ikkje meir utsett for vald enn andre kvinner. Derimot gravide som tidlegare har vore utsett for vald eller seksuelle overgrep, kvinner som har eit ikkje planlagt svangerskap og gravide som er svært unge, er spesielt sårbare for å bli utsett for vald i svangerskapet. Opplevinga av skuld og skam blir forsterka av kvinna sitt ansvar for fosteret og den sosiale stigmatiseringa som valden fører med seg.

Ei rekke undersøkingar syner at vald under graviditet kan gje alvorlege følgjer, ikkje berre for den gravide, men også for barnet. Graviditeten og sjølv fødselen blir påverka negativt av å bli utsette for vald, i form av ufrivillege abortar, for tidlige fødselar, lågare fødselsvekt hjå barnet og dødfødselar.

Gravide som blir utsette for vald frå partnaren er sårbare på mange områder. Skamkjensla kan vere stor, og det kan vere endå vanskelegare å fortelje om valden dei blir utsett for medan dei er gravide. Under graviditeten kan kvinna vere emosjonelt og praktisk meir knytt til partnaren og det vert difor vanskeleg å forlate forholdet (Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress - NKTVS).

«Nasjonal faglig retningslinje for svangerskapsomsorgen – Hvordan avdekke vold» vart vedteken i april 2014. Retningslinjene anbefalar at helsepersonell som ledd i svangerskapsomsorga stiller spørsmål til alle gravide kvinner for å avdekke vald og seksuelle overgrep. Der det synast naudsynt bør kvinna bli spurt ved fleire svangerskapskontrollar. Det blir anbefalt at den gravide møter til ein eller fleire svangerskapskontrollar åleine.

Det er viktig at helsepersonell har grunnleggjande kunnskap og kompetanse om vald og seksuelle overgrep, samt avdekking og oppfølging. Det blir anbefalt at helsepersonell i svangerskapsomsorga på generelt grunnlag gjev informasjon til alle gravide og deira partnar om helsekonsekvensar ved vald og seksuelle overgrep.

Kvinner bør få individuell oppfølging når vald og seksuelle overgrep blir avdekket. Kvinnene må få høve til å sjølv å vere med på å avgjere tiltak og hjelp. For risikovurdering og sikring av den gravide må helsepersonell samarbeide tverrfagleg og ha gode prosedyrar.

5.4 Eldre

Vald mot eldre kan vere fysiske, psykiske, seksuelle og økonomiske overgrep eller omsorgssvikt. Det kan dreie seg om enkelthendingar, gjentekne handlingar og mangel på rett handling, som i sin tur forårsakar skade, naud eller liding. Den som utøver valden er ofte ein den eldre har tillit til, er avhengig av eller er sterkt knytt til. Vald og overgrep mot eldre skjer i alle lag av befolkninga og rammar begge kjønn.

Vald i nære relasjonar og vald mot eldre er eit underkommunisert samfunnsproblem. World Health Organization (WHO) slår fast at 4 – 6 % av eldre over 65 år dagleg blir utsett for vald og overgrep. Mange føler skuld og skam for det dei blir utsett for, eller at det er ei privatsak som dei ikkje ynskjer å snakke med andre om.

Er den som utøver vald eigne barn eller barnebarn kan det vere ekstra vanskeleg å be om hjelp for å verne seg. Spesielt sårbart er dette i forhold med demensproblematikk, samt i familiar der vaksne barn har rus- og/ eller psykiatriproblematikk.

Mange eldre som er utsett for vald ynskjer at den som utøver valden skal få hjelp. Andre kan vere redde for at konsekvensen av å melde frå kan vere at dei blir isolerte eller at valden blir verre.

Stortingsmelding 25 (2005 - 2006) «Omsorgsmeldinga» har overgrep mot eldre som eit eige tema. Her blir det slått fast at overgrep mot eldre er ein av dei mest skjulte formene for overgrep. Eldre som er utsett for overgrep brukar i mindre grad enn andre grupper hjelpetilbod som helsetenesta, krisesenter, sosialtenesta eller politiet.

5.5 Personar med nedsett funksjonsevne

Vald mot personar med nedsett funksjonsevne ser ut til å vare over lengre tid enn kva som er vanleg for vald mot personar generelt, samstundes kan valden ha visse særtrekk. Særtrekka kan bli forklart med at personar med nedsett funksjonsevne blir utsett for fleire risikofaktorar enn personar generelt, blant anna som følgje av at enkelte er avhengige av hjelp og støtte frå andre personar.

Ein stor del av dei som har nedsett funksjonsevne er avhengig av voldsutøveren og/eller er avhengig av offentlege tenester, assistanse og pleie. Slik avhengigheit inneber ein tydeleg maktforskjell og dermed også auka sårbarheit.

Nokre bur på institusjon eller i bufelleskap og er utsett for vold frå andre bebuarar. Enkelte kan vere isolerte og det kan derfor vere vanskeleg for utanforståande å oppdage kva som skjer.

Resultat frå ulike undersøkingar er noko sprikande, men hallar likevel i retning av at personar med nedsett funksjonsevne er meir utsett for vald i nære relasjonar enn personar utan nedsett funksjonsevne (Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress - NKVTS og «Et liv utan vold»).

Som for gruppa eldre, er vald mot personar med nedsett funksjonsevne eit skjult problem.

5.6 Personar med utviklingshemming

Forskning syner at valden som menneske med utviklingshemming blir utsette for, kan ramme på arenaer der dei burde kunne føle seg trygg, og vert utøvd av menneske dei burde ha gode relasjonar til. Menneske med utviklingshemming blir i dei fleste samanhengar rekna som meir sårbare for vald og overgrep enn menneske elles i befolkninga. Ein grunn til dette er den kognitive kapasiteten.

Menneske med alvorlig grad av utviklingshemming er meir sårbare når det gjeld å verne seg sjølv mot vald og seksuelle overgrep. Likevel ser det ut til at det å ha ein mildare form for utviklingshemming også kan utgjere ein risiko for å bli utsette for slike handlingar. Mange er i stor grad sjølvstendige og bur for seg sjølve og det er ikkje like mykje kontakt med tenestene.

Generelt kan ein sei at menneske med utviklingshemming er meir sårbare enn andre på mange område i livet. Det finnast liten kunnskap om omfang av vald mot personer med utviklingshemming i Norge. I ein studie frå 2001 blir det anslege at førekomsten av alvorlige seksuelle overgrep mot personar med utviklingshemming er meir enn dobbelt så stor som hjå befolkninga elles. Førekomsten blir estimert til 12 prosent for kvinner og 6 prosent for menn (Kvam 2001).

Internasjonale studiar tyder på at personar med utviklingshemming er tre til fire gonger meir utsett for ulike former for vald og overgrep enn resten av befolkninga. Dette er noko usikkert på grunn av utfordringar og problem med å svare på spørsmål i spørjeundersøkingar. Mangelfull kunnskap om grensesetjing og eigen fysisk integritet kan samstundes representere ein hindring i forhold til å forstå og uttrykke at det har skjedd eit overgrep.

Personar med utviklingshemming vil, på same måte som personar med andre former for nedsett funksjonsevne, i større utstrekning enn befolkninga elles vere avhengig av overgrip. Dette gjer det vanskeleg både å melde frå om overgrep og å nytte ordinære kanalar for slik varsling.

5.7 Personar med psykisk og/eller rusrelaterte utfordringar

8-10 prosent av vaksne i Norge har til ei kvar tid store psykiske plager, og i løpet av livet vil ca. 30% av befolkninga hatt periodar med slike plager (Nes 2011).

Rusavhengige er ei sårbar gruppe på grunn av sin livsførsel. I ei undersøking gjort av rusklientar i behandling rapporterte 57% av kvinnene at dei hadde blitt mishandla før behandlingsstart og 51% av mennene hadde mishandla sin kjæraste det siste året før behandlingsstart.

Undersøkinga gjev ein indikasjon på dei store utfordringane desse gruppene har. Rusmisbruk og psykiske utfordringar opptre ofte saman. Det dreiar seg ofte om eit svært komplisert

samspel mellom ei rekkje faktorar som genetisk sårbarheit, oppvekstforhold, livshendingar og sosiale faktorar som sosialt nettverk og fattigdom (ATV og Tyrilistiftelsen 2010).

260 000 barn (23.1%) har foreldre med ei psykisk utfordring som kan gå ut over daglege funksjonar. Rundt 70 000 barn (6.5%) har foreldre med eit så alvorleg alkoholmisbruk at det truleg går ut over daglege funksjonar.

Dersom ein reknar med berre klart alvorlege tilfelle blir 115 000 barn (10,4%) ramma av foreldre sin psykiske sjukdom og 30 000 (2.7%) av foreldre sitt alkoholmisbruk. Totalt 135 000 barn (12,2%).

Barn av foreldre med psykisk sjukdom eller alkoholmisbruk har ein større risiko for å oppleve omsorgssvikt, vald og overgrep. Risikoen for å døy i løpet av barndomen, som ungdom eller ung vaksen er større blant barn av foreldre som har vore innlagt på psykiatrisk sjukehus for ein psykisk sjukdom eller rusmisbruk (Rapport 2011:4 - Folkehelseinstituttet).

Stortinget vedtok i 2009 endringar i Helsepersonellova og i lov om Specialisthelsetenesta. Helsepersonell skal i følge lovendingane bidra til å dekke det behovet for informasjon og naudsynt oppfølging mindreårige barn av pasient med psykisk sjukdom, rusproblem eller alvorlig somatisk sjukdom eller skade, kan ha som følge av foreldra sin tilstand. Formålet er å sikre at barna blir fanga opp tidleg, og at det blir sett i gang prosessar som set barn og foreldre i betre stand til å mestre situasjonen når ein av foreldra blir alvorlig sjuk.

5.8 Flyktningar og asylsøkjjarar

Migrasjon er ein av fleire faktorar som kan bidra til å auke sårbarheita til enkeltpersonar eller grupper av menneske. Flyktningar og innvandarane sin livssituasjon og posisjon i samfunnet kan gjere dei ekstra sårbare. Sosial isolasjon og manglande sosial integrering kan auke risikoen for at valden får halde fram utan at andre kan bidra til å stoppe den.

Personar med flyktningbakgrunn er særleg utsett for vald og overgrep både før, under og etter flukt frå krigs- eller konfliktsituasjonar. I tillegg til traume etter opplevingar før og under flukt, er tap av familie, nettverk, status og identitet, samt endringar av relasjonar vanlege følger.

Fleirtalet av dei som i dag nyttar seg av krisesenter er kvinner med innvandrar- eller flyktningbakgrunn. I 2001 utgjorde kvinner med innvandrarbakgrunn ein tredjedel av brukarane, i 2006 over halvparten (56 prosent) og i 2011 var 62 prosent av brukarane kvinner med etnisk minoritetsbakgrunn. Rundt ein fjerdedel av kvinnene var utsett for vald frå ein etnisk norsk partner (Sentio Research 2012).

Nokre kjem frå kulturar der metodar for oppdraging og sanksjonssystem kan handle om fysisk avstraffing og vald. Flyktningar og asylsøkarar kan ha spesielle behov i forhold til vern mot vald i nære relasjonar, dette kan dreie seg om tema knytt til rusrelatert vald, kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

5.9 Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT)

LHBT er ei forkorting for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar.

NOVA-rapporten «Vold og overgrep mot barn og unge frå 2007» syner at mange unge lesbiske og homofile tenåringar har vore utsett for vald frå eigne foreldre. Blant LHBT-ungdom var talet fire gangar større enn hjå heterofile (Mossige og Stefansen 2007).

LBTH-ungdom med innvandrarsbakgrunn slit i tillegg med utfordringar som risiko for truslar om tvangsekteskap og utstøyting frå familiefellesskapet.

Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar har enkelte særneige utfordringar knytt til diskriminering og vald. For å sikre disse gruppene sine rettar har LHBT-personar eit spesielt vern i lovverket. Diskrimineringsvernet for LHBT-personar er samla i «Lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk».

Også i straffelova er lesbiske, homofile og bifile verna mot krenkingar. Når ein person blir utsett for kriminalitet på grunn av sin seksuelle orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk blir dette omtalt som hatkriminalitet.

Barne- og likestillingsdepartementet har gitt ut ein eigen handlingsplan «Trygghet, mangfold og åpenhet – Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk 2017 – 2020». I planen tar regjeringa tydelege grep mot hatkriminalitet og vald.

6 Valdsutøvar

Vald er eit stort samfunnsproblem og det har rundt i verda i fleire tiår blitt forska på kva som forårsakar vald. Nokre forskarar fokuserer på genetiske, biokjemiske eller fysiologiske årsaker til valdsåferd, medan andre vektlegg psykososiale miljøfaktorar. Dei sistnemnde meiner at det er ein samheng mellom det å ha opplevd vald sjølv og det å sjølv bli valdeleg. Det har slik blitt eit generasjonsmønster. Dei som utøver vald, har som regel vore utsett for omsorgssvikt.

Forsking syner også ein klar samheng mellom alkoholinntak og vald. Dette gjeld både for offer og utøvar.

Ein valdsutøvar regulerer ofte eigen frykt, angst og sviktande sjølvbilde ved å regulere og kontrollere sin partnar, ikkje nødvendigvis fordi dei sjølv tenkjer dei er spesielt engstelege eller usikre, men fordi dei meiner at partnaren ikkje er til å stole på. I ein slik familiestruktur blir det etablert eit valdssystem i heimen – der valdsutøvar ønskjer kontroll for ikkje å bli svikta – og der partnaren lever i eit konstant traume.

I eit behandlingsspektiv er det viktig å forstå at vald handlar om valdsutøvar sin måte å regulere kjensler på. Valden har ikkje oppstått på grunn av familieproblem, men det blir skapt familieproblem av dette valdssystemet (Isdal, Per; Meningen med volden, kommuneforlaget 2000).

7 Regelverk som omhandlar vald i nære relasjonar

Barn sin rettstryggleik

Innhaldet i barnelova om foreldreansvaret:

Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve innanfor dei grensene som §§ 31 til 33 set. Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.

Dei som har foreldreansvaret, er skuldige til å gje barnet forsvarleg oppseding og forsyting. Dei skal syte for at barnet får utdanning etter evne og givnad. Barnet må ikkje bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare. Dette gjeld òg når valden brukast som ledd i oppsedinga av barnet. Bruk av vald og skremmande eller plagsam framferd eller annan omsynslaus åtferd overfor barnet er forbode.

Barn sin rett til vern og foreldretvistar

Retten kan etter krav frå ein part ta førebels avgjerd om kven av foreldra som skal ha foreldreansvaret, om kven barnet skal bu hos fast og om samværsrett. Slik avgjerd kan gjelde for ei viss tid eller til saka er endeleg avgjerd. Retten kan også ta førebels avgjerd før saka er reist, dersom særlege grunnar talar for det. Etter krav frå ein part skal retten i alle høve ta førebels avgjerd, dersom det er ein risiko for at barnet blir utsett for vald, eller på anna vis handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare. Retten kan samstundes forby den andre av foreldra å kome til den eigedommen eller det bustadhuset der barnet held til. Dersom det ikkje trengst avgjerd straks, skal retten så langt råd er gje den andre høve til å uttale seg.

Når avgjerd er teken før sak er reist, skal retten setje ein frist for å reise søksmål. Fristen kan forlengjast ved avgjerd av dommaren. Er det ikkje teke ut søksmål innan fristen, fell tekne avgjerder bort.

Endring i helse og omsorgslova

Det er vedteke ein lovendring i helse og omsorgslova som tredde i kraft frå 1. januar 2018 Ny § 3-3 a lyder:

"Kommunen skal ha særleg oppmerksomhet rettet mot at pasienter og brukere kan være utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vold eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep."

Dette inneber ei tydeleggjering av verksemda sitt systemansvar for å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep.

Lovendringar som styrker barn sine rettigheter

Med verknad frå 1. januar 2018 tredde ei rekke endringar for å styrke og tydeleggjere barn sine rettigheter i Pasient- og brukerrettighetslova og Helsepersonellova i kraft.

Blant anna er barn sin rett til å få informasjon og bli høyrte når dei får behandling teke inn i Pasient- og brukerrettighetslova. Det er også innført eit snevert unntak frå helsepersonell si plikt til å informere foreldre eller andre som har foreldreansvar, når tungtvegande omsyn til barnet talar mot å informere dei. Unntaket vil gjelde uavhengig av barnet sin alder og også når barnet er under 12 år. Dette unntaket kan til dømes hjelpe barn som i dag vegrar seg for å fortelle om vald og overgrep fordi de fryktar straff frå foreldre.

Endring i opplæringslova

Opplæringslova kap. 9a blei endra frå 01.08.17. Lova handlar om å sikre elevane eit godt og trygt skulemiljø. Det er ikkje lenger vedtaksplikt, men aktivitetsplikt. Det er lovfesta nulltoleranse mot mobbing/krenkande handlingar.

Lov om barneverntenester

Formålet med denne lova er:

- å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid,
- å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Straffelova

«Straffelova §196 – plikt til å avverge et straffbart forhold» blei skjerpa 25.juni 2010, slik at den omfattar også den som unnlet å forhindre alvorlige straffbare hendingar. Denne plikta gjeld også i situasjonar der det er mest sannsynlig at handlinga vil bli gjort.

Plikta gjeld all mishandling i nære relasjonar. Den gjeld for både private og offentlege personar. Teieplikta må vike for plikta til å avverje. I den nye straffelova frå oktober 2015, er den øvre strafferamma for mishandling i nære relasjonar auka frå 3 til 6 år og for grov mishandling frå 6 til 15 år. Dersom barn er vitne til valden som blir utført, skal dette bli tillagt skjerpande vekt i straffeutmålinga. Plikta til å avverje er også heimla i Helsepersonelloven §31.

Den som ved å true, tvinge, avgrense bevegelses friedom til, utøve vald mot eller på annan måte krenke, grovt eller gjentatt mishandlar

- a) sin tidlegare eller noverande ektefelle eller sambuar,
- b) sin tidlegare eller noverande ektefelle eller sambuar sin slektning i rett nedstigande linje,
- c) sin slektning i rett oppstigande linje,
- d) nokon i sin husstand, eller
- e) nokon i sin omsorg blir straffa med fengsel inntil 4 år.

Dersom mishandlinga er grov eller fornærma som følge av handlinga døyr eller får betydeleg skade på lekam eller helse, er straffa fengsel inntil 6 år. Ved avgjer av om mishandlinga er grov, skal det særleg bli lagt vekt på om den har vart over lang tid og om det ligg føre forhold som nemnt i straffelova § 232

Lov om erstatning frå staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m.

Voldsoffererstatningslova blei i 2007 endra slik at dersom eit barn opplever vald mot nærstående person, og dette er eigna til å skade barnet sin tryggleik og tillit, har barnet rett til oppreisningserstatning.

Dødstadsundersøking

Ordninga med frivillig dødstadsundersøking ved brå og uventa død hos barn i alderen 0 - 3 år tredde i kraft 1. november 2010. Det er ein obligatorisk plikt for helsetenesta å gi eit slikt tilbod. Folkehelseinstituttet organiserer tenesta.

Riksadvokaten har i rundskriv nr. 2/2011 gitt instruks for politiet sin etterforskningsplikt når barn og unge under 18 år døyr plutsleg og uventa.

8 Plikt og ansvar frå offentleg tenester og tilsette

Individuell plan

Ein kvar tenestemottakar med behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosiale tenester har rett til ein individuell plan.

Valdsutsette som har behov for hjelp eller støtte over tid vil klart falle inn under denne kategorien. Tre instansar er pålagt å utarbeide ein individuell plan etter sosial- og helselovgjevinga. Det er sosialtenesta, kommunehelsetenesta og helseføretaka. Ved utarbeiding av ein individuell plan må desse instansane samarbeide der det er nødvendig og i samsvar med tenestemottakar sitt behov. Retten til å få utarbeidet ein individuell plan er heimla i sosialtenestelova og i pasientrettighetslova.

Teieplikt

Som offentleg tilsett har ein pålagt lovfesta teieplikt. Grunnelementet i denne er at ein ikkje kan gje opplysningar vidare til andre. Dersom ein som offentleg tilsett bryt teieplikta utan å vere innanfor lovlege rammer, kan dette føre til straffereaksjonar som bot eller fengsel. I nokon tilfelle må ein fråvike teieplikta, i nokon tilfelle har ein rett, men ikkje plikt til å fråvike teieplikta. I slike tilfelle vil opplysningsplikt, meldeplikt, avverjeplikt, teierett eller opplysningsrett gjelde.

Avverjeplikt

Dersom det føreligg ein situasjon der informasjon er naudsynt for å avverje alvorleg skade på person eller eigedom, skal legar eller anna helsepersonell utlevere informasjon, jf. Helsepersonellova § 31. Avverjeplikta blei skjerpa i 2010, og gjeld både ovanfor politi og andre naudetatar, for å verne om liv og helse eller for å hindre store materielle skadar.

Alle har ei generell plikt til å søkje å hindre visse former for alvorlige lovbrøt gjennom å melde forholdet til politiet eller på anna måte avverje forholdet, jf. straffelova § 196. Dette omfattar blant anna seksuelle overgrep eller anna grov skade på person eller eigendom. Denne plikta går føre lovbestemt teieplikt.

Avverjeplikta er også heimla i ulike lover knytt til ulike valdstypar, f.eks. er avverjeplikta for kjønnslemlesting heimla i «Lov om forbod mot kjønnslemlestelse § 2.»

Meldeplikt/opplysningsplikt

Meldeplikt eller opplysningsplikt er ein plikt til å gi opplysningar. Alle offentlige instansar har plikt til å melde frå til barneverntenesta om barn som blir utsett for eller er vitne til vald. Opplysningsplikta til barneverntenesta omfattar både ei plikt til å melde frå på eige initiativ og til å gje opplysningar ved førespurnad frå barneverntenesta.

Barnevernloven § 6-4
Barnehageloven §22
Helsepersonelloven §33
Familievernkontorloven §10
Opplæringsloven §15-3
Lov om tenester i NAV §45

Opplysningsrett/teierett

Med opplysningsrett og teierett meiner ein den moglegheita ein har til å gje opplysningar vidare etter samtykke. Sidan dette er ein rett og ikkje ein plikt kan ein i slike tilfelle velje å ikkje gje informasjon/opplysningar vidare.

Enkelte instansar og tenester har særskilde lover som regulerer regelverket angående teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett.

9 Tilbod til valdsutsette

Den som vert utsett for vald eller som er vitne til vald treng eit lett tilgjengeleg tilbod, ofte akutt. Når valdsutsette oppsøker hjelpeapparatet, og/eller det vert meldt bekymringsmelding om vald, må kommunen ha rutinar i tenesteapparatet som handterer problema, og iverkset tiltak for dei som er utsett.

Akutte behov oppstår der valdsutøvar/overgripar utset andre for vald på ein slik måte at liv og helse er i fare om ein ikkje grip raskt inn i situasjonen. Den eller dei valdsutsette må snarast bli skjerma frå overgripar. Akutte behov oppstår og når omsorgspersonen er i ferd med å bryte saman som følge av langvarige påkjenningar.

I kommunane er det berre barnevern og NAV som kan sette inn tiltak mot enkeltpersonar sin vilje etter bestemningar i helse og omsorgslova og barneverntenestelova. Det er berre politiet som har høve til å utøve makt ovanfor personar.

Politi

Er ofte fyrste instans ved akutt behov for hjelp. Politiet sitt arbeid mot familievald har høg prioritet, og dei har eigne koordinatorar for familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt. Politiet samarbeidar med mange etatar og organisasjonar.

Politi
Telefon
02800

Som fyrste instans ved akutt behov for hjelp vender politiet seg ofte til Krisesenteret, dersom det er behov for at den valdsutsette må opphalde seg med vern, eller ikkje har alternativ for bustad. Er det barn involvert går det og ei melding til barnevernet. Politiet opprettar sak i alle familievaldsaker, og har tiltak som kan gje vern mot overgripar.

SARA (Spousal Abuse Risk assessment) er eit analyseverktøy der politiet kan vurdere risikoen for at valdsutøvaren fortset å true eller utøve vald. Verktøyet blir brukt i alle politidistriktet. Gjennom SARA undersøker politiet mellom anna handlingar som støtter eller unnskylder vald, om det er ei form for opptrapping, trugslar eller brot på kontaktforbod. Ein ser også på om valdsutøvaren har problem i forhold til relasjonar, utfordringar på arbeidsmarknaden eller rusmisbruk.

(sjå også s. 26)

Legevakt/fastlege

Fastlege, legevakt og spesialisthelsetenesta er i ein særskilt posisjon ved at dei behandlar skader og symptom som kan vere relatert til vald og overgrep.

Legevakt
Telefon
116 117

Fastlegen har ofte ein god og langvarig relasjon til pasientane på lista si, og ofte til fleire i same familie.

Fastlegen og legevakt har meldeplikt til barnevern og politi på lik linje med andre når det er mistanke om vald og overgrep mot barn. Når det gjeld vaksne som vert utsett for vald og overgrep, må fastlege/legevakt prøve å få den vaksne til å melde frå om forholdet av eigen vilje. Det fins unntak frå teieplikta. Desse unntaka er omtalt i kapittel 6.

Besøksadresse: Førde legesenter, Langebruvegen 28,
Telefon: 57722150

Barneverntenesta i Førde og Gaular kommune

Barneverntenesta si verksemd er styrt av Lov om barneverntjenester. Lova er under revisjon for å gjere den meir tilgjengeleg og tidsriktig. Ny lov vil styrke retten til vern mot vald og overgrep som eit eige moment under barnet sitt beste, og ha eit totalforbod i høve «oppdragarvald».

Alarmtelefon
for
barn og unge

Barnevernet gjer vurdering av mottatte meldingar, gjer undersøkingar tilpassa etter bekymringsnivå, og sørgjer for at familien får hjelpetiltak tilpassa risiko og behov. Barnevernet står i ei særstilling i høve å fange opp vald, på grunn av at barnevernlova gir eit sterkt rettsleg grunnlag til å innhente informasjon frå mange som kjenner familien og barnet.

Postadresse: Førde og Gaular barnevernteneste, Postboks 338, 6802 Førde
Besøksadresse: kl. 08.00 – 15.00, Telefon 57 72 21 30

Frå 01.01.18 er det oppretta vakttelefon der politi, legevakt eller andre hjelpeinstansar, utanfor kontortid, kan få kontakt med barneverntenesta i kommunane knytt til Sys.ikl samt Hafs og Bremanger.

Vakttelefon 47 45 72 72

Overgrepsmottak i Sogn og Fjordane

Overgrepsmottaket dekker mottak, undersøking, sporsikring og behandling for både seksuelle overgrep og dei som har vert utsatt for vald i nære relasjonar.

Overgreps-
mottak
Telefon
116 117

Mottaket er lokalisert til sjukehuset i Førde, og er døgnbemanna med sjukepleiarar og legar i vaktberedskap. Helse Førde og Sunnfjord/Ytre Sogn Interkommunale Legevakt har inngått ein avtale om vidare drift av overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane. Avtalen inneber at Overgrepsmottaket i Førde, i tillegg til mottak av seksuelle overgrep, også skal ta imot dei som er utsatt for vald i nære relasjonar i alle aldersgrupper.

Teieplikta er gjeldande for dei som tek kontakt med mottaket. Det er den overgrepsutsette sjølv som vel om saka skal meldast eller ikkje. Ved eit grundig mottak av overgrepsutsette vert dei hjelpete i kontakt med dei delane av hjelpeapparatet som kan vere viktig for å komme seg vidare i livet.

Overgrepsmottaket gjev behandling med omsyn til infeksjonsrisiko, uønskt graviditet og eventuelt fysiske skadar. Ein får tilbod om gratis bistandsadvokat i inntil 4 timar, og historia og rettsmedisinske spor vert dokumentert på ein måte som held i rettsystemet. Dette gjer det langt enklare for dei overgrepsutsette dersom dei i etterkant vel å melde saka, og sikrar deira rettstryggleik i tillegg til den reint medisinske behandlinga.

Statens Barnehus Bergen

Statens Barnehus Bergen er eit kompetansehus for barn og ungdom som møter rettsapparatet. Barnehuset i Bergen er ein del av Vest Politidistrikt og opna i november 2007. Personalet er sivilt tilsette og alle som arbeider med oppfølging og behandling har barnefagleg kompetanse.

Utgangspunktet for å komme til Barnehuset er ei melding til politiet. Politiet kan som ein del av etterforskinga velje å gjere avhøyr på Barnehuset av den som kan ha vore utsett.

Barnehuset er for barn og ungdom der det er mistanke om at ein kan ha vore utsett for, eller vore vitne til, vald eller seksuelle overgrep. Tilbodet er også for vaksne med ein utviklingshemming eller vaksne som er særlig sårbare, samt ungdom som kan ha vore utsett for tvangsekteskap eller kjønnslemlesting. I tillegg kan politiet gjere avhøyr på Barnehuset av unge som har krenkt andre seksuelt.

Barnehuset dekker Vest politidistrikt som består av fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. 108 i 2016 og 98 barn i 2017 frå Sogn og Fjordane blei sendt til Statens Barnehus i Bergen.

Tanken bak eit barnehus er at alle offentlege instansar kjem dit barna er. Mange ulike samarbeidspartnar samlast derfor på Statens Barnehus Bergen. Målet er å styrke barna sin rettssikkerhet og sørge for god heilhetleg ivaretaking av barn og familiar.

Barnehuset tilbyr

- Mottaking og tilrettelegging for dei som kjem til avhør og deira følgjepersonar
- Medisinske undersøkingar i barnevennlege omgivnader
- Tverretatleg samarbeid før, under og etter avhør
- Vurdering av behandlingsbehov
- Oppfølging og behandling
- Støtte og rettleiing til barn og pårørande
- Rådgiving og konsultasjon til offentlige aktørar og privatpersonar
- Fagutvikling og kompetanseheving om vold og seksuelle overgrep

Det er planar om å opprette ei avdeling av barnehuset knytt til overgrepsmottaket ved FSS.

Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane

Krisesenteret i Sogn og Fjordane er ei privat stifting som yter lovpålagte tenester til alle kommunane i Sogn og Fjordane som finansierar drifta. Senteret er lokalisert i Florø.

Krisesenteret
Florø
Telefon
57743600

Krisesenteret har som føremål

- hjelpe kvinner som har vore utsette for fysisk og/eller psykisk mishandling

- å drive haldningsskapande arbeid ved å synleggjere og skape debatt om den private valden. Stiftinga er ein politisk og religiøs nøytral organisasjon. Tilbodet skal vere eit lavterskeltilbod som er ope heile døgnet og dei som tek kontakt skal vere sikra anonymitet. Tilsette på Krisesenteret er medmenneske som gir kvinnene og barna deira omsorg og tryggleik

Krisesenteret sitt tilbod

- Telefonvakt/krisetelefon, informasjon, råd og rettleiing
- Dagtilbod: samtalar, råd/rettleiing og hjelp til kontakt/følgje til det offentlege hjelpeapparatet
- Butilbod for valdsutsette vaksne, og borna deira i ein krisesituasjon
- Samtalar, råd og rettleiing
- Støtte og hjelp i kontakt med andre instansar, som til dømes medisinsk behandlingsapparat, politi, NAV, familiekontor o.a.
- Oppfølging i re-etableringsfasa, t.d. hjelp til å finne bustad, råd/rettleiing, praktisk hjelp, heimebesøk, delta i ansvarsgruppe ved behov mm.
- Rådgjeving frå ein av senterets sine erfarne advokatar ved behov.
- Barnefagleg hjelp utifrå kvart borns sitt behov.

Tenestene er gratis for brukarane.

Smiso

(Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og fjordane)

Smiso er eit støttesenter organisert som ei privat stifting støtta av det offentlege. Smiso er eit tilbod til:

- Alle menn og kvinner som har opplevd incest eller seksuelle overgrep.
- Partnerar og pårørande til overgrepsutsette.
- Offentleg hjelpeapparat, skule, barnehage og andre som har behov for rådgjeving og informasjon om seksuelle overgrep,
- **Smiso Førde:** tlf. 57721070



Familiekontora for Sunnfjord og Sogn

Familiekontoret er ei spesialteneste som gir tilbod om behandling og rådgjeving til alle som opplever vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Familiekontoret tek imot einskildpersonar, par og familiar. Tilbodet er gratis, og du treng ikkje tilvising. Lege, psykolog, medisinsk eller sosial institusjon eller offentleg myndighet kan også tilvise klientar til familiekontoret.

Familiekontoret gir tilbod om:

- Parterapi
- Mekling ved samlivsbrot
- Samtaletilbod til barn og ungdom
- Parsamtalar, familiesamtalar og individualsamtalar
- Foreldresamarbeid og rettleiing til foreldre
- Kurs og grupper

Familiekontoret gir tilbod om hjelp gjennom samtalar/familieterapi. Ingen familiar eller problem er like. På familiekontoret får de hjelp til det som er vanskeleg for akkurat dykk. Det kan vere problem med samspelet i familien, problem mellom generasjonane, førstegongsforeldre som skal omstille seg, utfordringar med dine, mine og våre barn, samarbeid mellom ekspartnerar, kulturkonfliktar, sjukdom og tap, fysisk eller psykisk vald. Familiekontoret legg til rette for samtalar i samarbeid med både utøvar, dei utsett og dei som har vore vitne til vald.

Telefon Førde 466 19 280 (tasteval 1)

Epost: sunnfjord-sogn@bufetat.no

For meir informasjon sjå: bufdir.no/familie

Nav Førde

NAV arbeider heilskapleg med enkeltmenneske, næringsliv og organisasjonar ut frå ei målsetting om å bistå enkeltpersonar og få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad.

NAV yter tenester etter lov om folketrygd, lov om arbeidsmarknadstiltak og lov om sosiale tenester.

NAV gjev følgjande tenester etter lov om sosiale tenester:

- Råd og rettleiing dersom du har vanskar med økonomi, gjeld, bustad, helse, familietilhøve eller anna.
- Økonomisk sosialhjelp til naudsynt livsopphald dersom du ikkje kan sørge for dette gjennom arbeid eller andre inntektskjelder.
- Mellombels bustad dersom du er i ein situasjon der du ikkje klarar å skaffe deg dette sjølv.
- Individuell plan dersom du har behov for langvarige og koordinerte tenester saman med andre instansar.
- Kvalifiseringsprogram dersom du har nedsett arbeids- og inntektsevne, og ikkje har rett til ytingar etter folketrygdlova eller arbeidsmarknadslova.

NAV kontaktinformasjon:

Besøksadresse: Førde rådhus, Hafstadvegen 40 B, eigen inngang

Åpningstider: 10:00–14:00 (timeavtalar også utanom opningstida)

E-post: nav.forde@nav.no

Postadresse: Postboks 143, 6801 Førde



Andre tilbod

Dinutvei.no (Nasjonal veiviser ved vold og overgrep) gjev ein oversikt over hjelpetilbod over heile landet.

ATV (Alternativ til vold) har 11 kontor i Norge med behandlingstilbod for utøvarar av og utsette for vald i nære relasjonar.

Nærmaste kontor er i Bergen: Telefon 55603199

10 Tilbod til valdsutøvar

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) har kartlagt behandlingstilboda til valdsutøvarar (Rapport 10/2016).

Kartlegginga av tilbodet syner at det finst ulike behandlingstilbod til vaksne som utøver vald, blant anna på familievernkontora, i spesialisthelsetenesta eller ved Alternativ til vold.

Tilboda som finst er mest generelle behandlingstilbod, som i størst grad er retta inn mot å behandle psykiske og rusrelaterte lidingar.

I store delar av landet finst det ikkje spesialiserte behandlingstilbod for vaksne som utøver vald. Mange av behandlingstusjonane opplever at dei manglar både kunnskap og ressursar til å handtere valdsakene som er både komplekse og tidkrevjande. Per i dag har alle fylke i landet eit offentleg tilbod til valdsutøvarar etter sinnemeistringsmodellen ved Brøset.

I budsjettet for 2017 vedtok regjeringa tiltak for å styrke hjelpe- og behandlingstilbodet for valdsutøvarar. Det blei løyvd midlar til mellom anna utredning av forlauf, betre behandlingstilbodet og kompetanse i helsetenesta og auke kompetansen i familievernet (Prop.12s)

Dinutvei.no (Nasjonal veiviser ved vold og overgrep) gjev ein oversikt over hjelpetilbod over heile landet.

Familiekontora for Sunnfjord og Sogn

(Sjå s. 23)

Alternativ til vold

ATV har 30 års erfaring med behandling for menneske som bruker aggresjon og vald mot sine næraste. Gjennom individuell behandling og gruppebehandling får ein hjelp til å finne gode alternativ til vald.

ATV har 11 kontor i Norge med behandlingstilbod for utøvarar av og utsette for vald i nære relasjonar.

Nærmaste kontor: Bergen tlf. 55 60 31 99
atv-bergen@atv-stiftelsen.no

Sinnemeistrings-modellen Brøset

Per i dag har alle fylke i landet eit offentleg tilbod til valdsutøvarar etter sinnemeistringsmodellen ved Brøset.

Godkjent behandlingstusjon i Sogn og fjordane – Førde:

Kontaktperson : Ehamparam Ketheeswaran

Telefon: 90 50 52 50 - post@kannan.no

SARA

(Spousal Assault Risk Assessment) Politiet sitt risikovurderingsverktøy.

SARA er eit forskingsbasert verktøy som første blei tatt i bruk i Canada og Sverige. Etter to års prøveprosjekt i Horten og på Stovner bestemte politidirektoratet at verktøyet skulle nyttast i heile Noreg frå 2014.

Verktøyet går ut på at ein i alle familievaldsaker som politiet registrerer, går inn og vurderer risikoen for gjentaking. Desse klassifiserast så i kategorien låg, medium, høg og ekstremt høg.

Politi som jobbar gjennom SARA, er ikkje direkte involvert i etterforskinga av straffesaka, men jobbar i det førebyggjande sporet, og skal tilby både valdsutøvar og den som er utsett for vald hjelp for å hindra ny vald.

Gjennom SARA undersøker politiet mellom anna handlingar som støtter eller unnskylder vald, om det er ei form for opptrapping, trugslar eller brot på kontaktforbod. Ein ser òg på om valdsutøvaren har problem i forhold til relasjonar, utfordringar på arbeidsmarknaden eller rusmisbruk.

På bakgrunn av risikovurdering, kan politiet gjennomføre tiltak som motivasjonssamtale med trusselutøvar og trusselutsatte, samt avlegge heimebesøk.

For å førebygge nye valdshandlingar, er tverretatleg samarbeid eit viktig middel. Døme på samarbeidsaktørar til politiet kan vere familiekontor, barnevern, NAV, rus – og psykiatritenesta, krisesenter, konfliktråd, fastlege og helsestasjon. Politiet vil ta initiativ til slikt samarbeid der ein finn det naudsynt.

Kontaktperson/ansvarleg for SARA Førde : Odd Helge Vågseth

Del 2 Konkrete tiltak / handlingsplan for Førde kommune

Å kjempe mot vald og overgrep er eit høgt prioritert område for regjeringa. Som tiltak i forhold til dette er det mellom anna vedteke endringar i både helse- og omsorgslova, pasient- og brukerrettighetslova, helsepersonellova og opplæringslova (sjå kap. 6).

Handlingsdelen har fyrst ei generell oppsummering av dei viktigaste behov og tiltak som gjeld for alle einingar – kap. 10.

Det følger deretter ei spesifisering og tydeleggjering av tiltak og behov i forhold til kvar enkelt sårbar gruppe for vald i nære relasjonar.

Enkelte tiltak vil gå igjen i forhold til alle grupper. Handlingsplanen er skriva slik at ein har høve til å lese aktuelle tiltak og behov i forhold til den gruppa ein ytt tenester til – kap.11.

Utviklingskoordinator for skule og barnehage og utviklingskoordinator for barn og unge innan helse har fått eit særskilt ansvar å følgje opp og støtte arbeidet med å implementere handlingsplanen ut i dei ulike einingane.

11 Oppsummering av dei viktigaste behov og tiltak

- Behov for auka kompetanse og lage planar som sikrar god nok opplæring og kunnskap, slik at vald og overgrep i nære relasjonar blir identifisert
- Innføre systematiske rutinar for spørsmål om vald der vi har kartlegging og yttenester til kommunen sine innbyggjarar
- Behov for skriftleg rutine for kva vi gjer når vald blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid
- Ha retningslinjer for kva barn og unge skal lære om vald, overgrep, omsorgsvikt og hjelpeapparatet
- Behov for generell informasjon til innbyggjarane i kommunen om konsekvensane av vald og overgrep samt informasjon om hjelpeapparatet. Vere aktivt i forhold til nasjonale kampanjar
- Aukande tal innbyggjarar med ikkje-norsk etnisitet gjev språkmessige, religiøse og kulturelle utfordringar. Einingane må få opplæring og rutinar for felles forståing i å møte og handtere desse utfordringane j.f. «Plan for busetjing og intergering av flyktingar»
- Behov for betre tverrfagleg samarbeid og samordning rundt tenestene, både internt og i forhold til eksterne samarbeidspartar
- Behov for betre behandlingstilbod for valdsutøvarar

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre opplæring og kunnskap om vald og overgrep i nære relasjonar, kjennskap til hjelpeapparat og lovverk.	Rådmannen/ Kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar Aktuelle fagleiarar	2018 - 2019
Innføre systematiske rutine for spørsmål om vald og overgrep der vi har kartlegging eller yt tenester til kommunen sine innbyggjarar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle Einingsleiarar Tildelingskontoret	2018
Utarbeide skriftleg rutine for kva vi gjer når vald og overgrep blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar Aktuelle fagleiar	2018 -2019
Ha retningslinjer for kva barn og unge skal lære om vald, overgrep, omsorgsvikt og hjelpeapparatet.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020
Ha retningslinjer for korleis innbyggjarane i kommunen får generell informasjon om konsekvensane av vald og overgrep, samt informasjon om hjelpeapparatet. Vere aktivt i forhold til nasjonale kampanjar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020
Ha retningslinjer for at einingane får opplæring og har rutinar i forhold til det aukande tal innbyggjarar med ikkje-norsk etnisitet, som gjev språkmessige, religiøse og kulturelle utfordringar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020
Innføre rutinar for betre tverrfagleg samarbeid og samordning rundt tenestene, både internt og i forhold til eksterne samarbeidspartar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 -2020
Vere pådrivar i forhold til å få bygd opp eit betre behandlingstilbod for valdsutøvarar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 -2020

12 Tiltak og behov i forhold til kvar enkelt sårbar gruppe

12.1 Barn 0 – 18 år:

Slik har vi det i 2018:

- Legevakta SYS IKL og barneavdelinga har utarbeidd skriftleg prosedyre for kva ein gjer ved «Mistanke om overgrep mot barn» (Rettesnora – Helse og omsorg – allmenn).
- Gode rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp risikogrupper gjennom «Rusplan for gravide, sped- og småbarnsfamiliar» og «Tidleg intervensjon for barn og unge 0-6 år» - mellom anna systematisk kartlegging av rusvanar, psykisk sjukdom og vald.
- Helsestasjonen har prosedyre for melding til barnevernet der foreldre og barn gjentekne gonger ikkje møter til avtalte konsultasjonar.
- Helsestasjonen driv aktiv foreldrerettleiing og gjev førebyggjande tiltak ovanfor familiar i sårbare og utfordrande situasjonar gjennom eige ressursteam.
- Har innført gode rutinar i alle barnehagar knytt til kartlegging og tiltak der ein er uroa for eit barn «Vi er bekymra for barn sin omsorgssituasjon, kva gjer vi?».
- Førde kompetanseteam har rettleiing i barnehagane, både som førebyggjande tiltak og som rettleiing knytt til barn med særskilte behov.
- Barnevernet har eige familieteam som jobbar med samspel mellom foreldre og barn. Dette skjer oftast med tverrfagleg tilnærming, då familiar i barnevernet ofte har mange ulike behov.
- Barnevernet har eit særleg ansvar når det gjeld å fange opp vald, og står i ei særstilling i høve dette med si tilnærming, der ein får informasjon som kjem frå mange som kjenner familien/barnet.
- NAV prøver å vere bevisst på barneperspektivet i forhold til sine brukarar, spesielt i forhold til fattigdom og brukarar med utfordringar i forhold til rus og psykisk sjukdom.
- Psykiatritenesta her eigen barneansvarleg. Kartlegg om brukarar har omsorg for barn.
- Smiso innarbeidd undervisningsopplegg om seksuelle overgrep til alle 6. klassar.
- Innarbeidd «Drømmeskulen» - ein modell for å jobbe systematisk med det psykososiale miljøet i vidaregåande skular, ut i frå eit helsefremmande perspektiv.
- Deltek i utviklingsprosjektet Inkluderande barnehage- og skulemiljø i samarbeid med Naustdal, Gaular og Jølster. Utviklingsprosjektet skal fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø.
- Skulehelseteneste med fast kontortid på alle grunn – og vidaregåande skular.
- Har innarbeidd samordningsmodell for lokalt førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet som sikrar at ressursane hjå kommunen og politi blir samkøyrt og målretta (SLT-modell).

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none">• Godt etablerte team for foreldrerettleiing og oppfølging av barn og foreldre• Oppretta tverrfagleg team – otteteam for råd og rettleiing der det	<ul style="list-style-type: none">• Ha tydelege mål for kva barn og unge skal lære om vald, seksuelle overgrep, omsorgsvikt og hjelpeapparatet• Ha tydelege mål for korleis foreldre og samfunnet generelt får meir kunnskap

<p>er uro for barn og unge</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helsestasjon, barnevern og PPT er samlokalisert • Gjennomført opplæringspakkar for tilsette i helsestasjon, fastlege, barnevern, PPT, NAV og barnehagar med fokus på å fange opp barn med behov for hjelp så tidleg som mogleg • Mange engasjerte tilsette med lang erfaring og høg kompetanse • Politikontakt/nærpoliti med opplæring i SARA • Sentrale eksterne samarbeidsinstansar er lokalisert i Førde m.a. overgrepsmottaket FSS, Politi med voldskoordinator, Smiso, Bufetat, Familiekontor 	<p>om konsekvensar av vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt mot barn</p> <ul style="list-style-type: none"> • Enkelte einingar manglar klare rutinar for kva vi gjer når vald og overgrep blir avdekt • Klare å ha kontinuerleg merksemd på tidleg intervensjon • Mange nye tilsette som ikkje har delteke på opplæringspakkar eller program, og behov for kontinuerlege oppfrisking av kunnskap for alle tilsette • Aukande tal innbyggjarar med ikkje-norsk etnisitet gjev språkmessige, religiøse og kulturelle utfordringar (sjå kap. 9.8) • Behov for betre samarbeid for meir samordna hjelpetiltak til «våre felles barn» • Behov for meir kunnskap om både interne og eksterne hjelpeinstansar – kjenne godt nok til kvarandre • Ikkje innført felles rutinar i grunnskulen knytt til kartlegging og tiltak der ein har uro for eit barn • Skulehelsetenesta har ikkje fått innarbeidd tema vald, overgrep og omsorgssvikt jf. nye retningslinjer • Barnevern må «sleppe saker» der dei fortsatt har uro pga. hinder i lovverk – foreldre ikkje samtykker til samarbeid
---	---

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette i einingar som jobbar med målgruppa 0-18 år har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse, slik at vald og overgrep i nære relasjonar blir identifisert, og rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Har utarbeidd klare skriftlege rutinar for kva ein gjer når vald og overgrep mot barn og unge blir avdekt.
- Hjelpetiltaka til det beste for «våre felles barn» er samordna gjennom godt samarbeid og samhandling på tvers av etatar og faggrupper.
- Team for råd og rettleiing ved uro for barn i risiko er godt forankra og etablert, og vert nytta på tvers av einingane.
- Barn og unge får lære om vald, overgrep, omsorgssvikt og hjelpeapparatet i tråd med kompetansemål i læreplanen.
- Kommunen jobbar aktivt for at foreldre og samfunnet generelt får meir kunnskap om konsekvensane av vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt mot barn og unge.

- At det er eit tydeleg skilje mellom kva som er førebyggjande barnevern – som alle einingar har ansvar for, og kva som er barnevernet sine kjerneoppgåver - kjernebarnevern.
- Utarbeidd plan for systematisk arbeid knytt til «Inkluderande barnehage- og skulemiljø»
- Helsestasjonen og skulehelsetenesta har innarbeidd nasjonale retningslinjer knytt til vald, overgrep og omsorgsvikt i nære relasjonar.

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre god nok opplæring og kunnskap, slik at vald og overgrep mot barn og unge blir identifisert	Aktuelle einingsleiarar	Fagleiarar/ Fagleg ansvarlege	2018 - 2019
Utarbeide skriftleg prosedyre for kva vi gjer når vald mot barn og unge blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid. (sjå rutine for SYS IKL)	Aktuelle einingsleiar	Barnevern Kommuneoverlege Voldskoordinator i politiet	2018 - 2019
Følgje kompetansemål i læreplan og anbefalingar i nasjonale rettleiarar for kva barn og unge skal lære om vald, overgrep, omsorgsvikt og hjelpeapparatet.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2019
Vere aktiv aktør i forhold til at foreldre og samfunn generelt får meir kunnskap om konsekvensane av vald og overgrep og kjennskap til hjelpeapparatet. Bruke kampanjemateriell og brosjyrar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2019
Utarbeide plan for systematisk «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» i samarbeid med Naustdal, Gaular og Jølster	Rådmannen/ Kommunalsjef Utviklingskoordinator for skule og barnehagar	Fagutvikling og koordinering Aktuelle einingsleiarar	2017- 2020 (arbeid og samarbeid starta haust 2017)
Innarbeide modell for Betre tverrfagleg samarbeid - BTI-modellen i samarbeid med Naustdal, Gaular og	Rådmannen/ kommunalsjef	Fagutvikling og koordinering Aktuelle	2018 – 2020 (Naustdal fått tilskot for innarbeiding av

<i>Tiltak</i>	<i>Ansv.</i>	<i>Partar</i>	<i>Tidspunkt</i>
Jølster		einingsleiarar	modellen)
Vurdere å opprette tverrfaglege samarbeidsteam på tvers av helse-, barnehage- og skulesektoren.	Rådmannen/ Kommunalsjef Fagutvikling og koordinering	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020
Innarbeide årleg tverrfagleg «fagdag» med fokus på samarbeid, samhandling og tidleg intervensjon. Koordinere og gje tilbod om opplæringspakkar med fokus på tidleg intervensjon når det blir meldt behov for det.	Utviklingskoordinator for barn og unge innan helse	Fagutvikling og koordinering Aktuelle einingsleiarar	2018 – årleg Planlagt fagdag i år 01.03.18 Planlagt ny opplæringspakke «Tidleg inn» i 2018 for Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
Tydeleggjere at heile kommunen har eit overordna førebyggjande ansvar for alle barn i kommunen, og at barneverntenesta har eit spesielt ansvar i høve sine kjerneoppgåver.	Rådmannen/ Kommunalsjef Einingsleiar barnevern	Aktuelle einingsleiarar	2018 -2020
Innarbeide nye nasjonale retningslinjer for helsestasjon og skulehelsetenesta som omhandlar vald og overgrep	Einingsleiar helsestasjon	Fagleg ansvarleg helsestasjon	2017 - 2018

12.2 Vaksne – med spesielt fokus på vald mot kvinner

Slik har vi det i 2018:

- Legar som jobbar på legevakt skal delta på obligatorisk akuttkurs Nklm e-læringskurs i handtering av vald og overgrep, ikkje alle har tatt kurset endå.
- Valdsmottak lokalisert i Førde ved den interkommunale legevakta SYS IKL
- NAV har gode rutinar for å følgje opp og samarbeide med aktuelle instansar i den akutte fasen der kvinner flytter til krisesenteret.
- NAV har stort fokus på å hjelpe sine brukarar over i arbeid, då risiko for vald og overgrep aukar der brukar er avhengig av trygd og sosialhjelp.
- Kvinner blir systematisk kartlagt i forhold til rus, psykisk sjukdom og vald gjennom svangerskapsomsorga hjå fastlege eller jordmor.

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • Sentrale eksterne samarbeidsinstansar som overgrepsmottaket FSS, politi med valdskoordinator, Smiso, Bufetat og familiekontor er lokalisert i Førde. • Godt utbygd tenestetilbod med generelt god kompetanse i både 1. og 2. linjetenesta - m.a. psykiatrisk klinikk med ruskonsulent lokalisert i Førde. • Mange stabile og erfarne fastlegar med god kjennskap til pasientane på lista si, og god kunnskap om rus og psykiske utfordringar • NAV har godt samarbeid og gode system rundt den akutte fasen der kvinner flytter til krisesenter 	<ul style="list-style-type: none"> • Førde som tettstad vil trekke til seg fleire personar frå dei spesielt sårbare gruppene for vald • Har ikkje systematisk kartlegging av menn/fedre sine rusvaner, psykisk sjukdom og vald • Aukande tal innbyggjarar med ikkje-norsk etnisitet gjev språklege, religiøse og kulturelle utfordringar (sjå 9.8) • Manglar gode rutinar der brukar har behov for ny identitet, behov for å leve i skjul – midlertidig sikring (kjem gjerne frå andre kommunar og krev ressursar) • Manglar spisskompetanse på vald i mange einingar – behov for rettleiing • Fleire einingar har ikkje rutinar for kva ein gjer når vald og overgrep blir identifisert

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette innan aktuelle einingar har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om vald, slik at vald og overgrep i nære relasjonar blir identifisert og rett hjelp og beskyttelse blir gitt til rett tid.
- Har innført rutinar for spørsmål om vald - der det er naturleg, ved kartlegging og der vi yt tenester til kommunen sine innbyggjarar - med spesielt fokus på personar med rus og psykiske utfordringar.
- Har utarbeidd skriftleg rutine for kva vi gjer når vald og overgrep mot vaksne blir identifisert.
- Befolkninga i Førde kommune har fått auka innsikt og kompetanse om konsekvensar av vald og overgrep i nære relasjonar, og kunnskap om hjelpeapparatet.

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre god nok opplæring og kunnskap slik at vald og overgrep i nære relasjonar blir identifisert.	Aktuelle einingsleiarar	Fagleiarar/ Fagansvarleg	2018 - 2019
Utarbeide skriftleg prosedyre for kva vi gjer når vald og overgrep i nære relasjonar blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Aktuelle einingsleiarar	Fagleiarar/ Fagansvarleg	2018

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Vere aktiv aktør i forhold til sentrale kampanjar med formål om at samfunn generelt får meir kunnskap om konsekvensane av vald og overgrep og kjennskap til hjelpeapparatet. Bruke kampanjemateriell og brosjyrar.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020
Innføre rutinar for at vi, der det er naturleg, stiller spørsmål om vald og overgrep der vi har kartlegging og yt tenester til kommunen sine innbyggjarar.	Aktuelle einingsleiarar Tildelingskonoret	Fagleiarar/ Fagansvarleg	2018
Informasjon om vald og overgrep og hjelpeapparatet på kommunen sine heimesider.	Aktuelle einingsleiarar	Fagutvikling og koordinering IKT	2018 - 2019

12.3 Gravide

Slik har vi det i 2018:

- Har god oppslutning om det anbefalte basisprogrammet i svangerskapsomsorga, god jordmordekning og mange erfarne fastlegar
- Dei fleste gravide tar fortsatt fyrste konsultasjon hjå fastlege, som sikrar at viktige opplysningar frå journal, og kjennskap til den gravide si helse og levevanar blir tidleg følgt opp.
- Har eigne nasjonale retningslinjer «Hvordan avdekke vold» for svangerskapsomsorga.
- Har systematisk kartlegging av rusvaner, psykisk sjukdom og vald hjå gravide.
- Har utarbeidd plan/prosedyre for førebygging og oppfølging av gravide rusmisbrukar eller der det er mistanke om rus «Rusplan for gravide».
- Har innarbeidd rutinar for å kartlegg kjønnslemlesting og gjev informasjon om norsk lov, rettar og plikter til kjente risikogrupper i svangerskapsomsorga.
- Har ressursteam i helsestasjonen som kan starte foreldrerettleiing før fødselen til sårbar gravide/foreldre.
- Har rutinar for tidleg heimebesøk av jordmor innan 3 døgn etter fødselen.

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomført opplæringspakkar i forhold kartlegging av rusvaner, psykisk sjukdom og vald hjå 	<ul style="list-style-type: none"> • Har ikkje rutinar for å kartlegge menn/partnar/barnefar sine rusvaner, psykisk sjukdom eller valdserfaring

<p>gravide – «Tidleg inn»</p> <ul style="list-style-type: none"> • God jordmordekning • Mange erfarne og stabile fastlegar med god kjennskap til pasientane på lista si • Kompetanse i helsestasjonen på ulike foreldrerettleiingsprogram • 2. linje teneste med fødeavdeling og psykiatrisk klinikk lokalisert i Førde 	<ul style="list-style-type: none"> • Behov for betre rutinar for samarbeid og samhandling mellom fastlege og jordmor • Få innarbeidd rutinar som sikrar at kvinna får komme åleine til minst ein svangerkapskonsultasjon • Få betre rutinar for opplæring av nye tilsette • Aukande tal gravide med ikkje-norsk etnisitet gjev språklege- kulturelle- og religiøse utfordringar (sjå 9.8) • Få sårbare gravide/par i risikosona til å ta imot og følgje opp foreldrerettleiingsprogram • Har ikkje skriftleg rutine for kva ein konkret gjer når ein har avdekka vald hjå gravide
---	---

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette som jobbar i svangerskapsomsorga har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om vald, slik at vald mot gravide blir identifisert og rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Fått utarbeidd skriftleg rutine for godt samarbeid og samhandling mellom jordmor og fastlege i svangerskapsomsorga.
- Teamet vald og konsekvensar av vald mot gravid blir tatt systematisk opp i svangerskapsomsorga.
- Innarbeidd rutinar som sikrar at gravid får komme åleine til minst ein svangerkapskonsultasjon.
- Innarbeidd rutinar for at menn/partnar/barnefar blir kartlagt i forhold til rusvaner, psykisk sjukdom og valdserfaring.
- Har kontinuerleg fokus på tidleg intervensjon - «Tidleg inn».
- At fleire gravide/par tek imot og følger opp foreldrerettleiingsprogram.

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse, og sikre god nok opplæring og kunnskap, slik at vald og overgrep mot gravide blir identifisert.	Einingsleiar legesenter og helsestasjon	Fagleg ansvarleg legesenter og helsestasjon	2018 - 2019
Utarbeide skrifteleg rutine for kva vi gjer når vald og overgrep mot gravide blir avdekka, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Einingsleiar legesenter og helsestasjon	Fagleg ansvarleg legesenter og helsestasjon	2018
Innarbeide rutinar for at gravide får	Einingsleiar	Fagleg	2018

<i>Tiltak</i>	<i>Ansv.</i>	<i>Partar</i>	<i>Tidspunkt</i>
komme minst ein gong åleine til svangerskapskonsultasjon.	legesenter og helsestasjon	ansvarleg legesenter og helsestasjon	
Utarbeide skriftleg rutine for samarbeid og samhandling mellom jordmor og fastlege i svangerskapsomsorga.	Einingsleiar legesenter og helsestasjon Kommuneoverlege	Fagleg ansvarleg legesenter og helsestasjon	2018
Arrangere årleg tverrfagleg fagdag med fokus på samarbeid, samhandling og tidleg intervensjon.	Rådmannen/ kommunalsjef	Fagutvikling og koordinering Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020 (planlagt i år 01.03.18)
Vere aktiv i forhold på å gje tilbod om ulike foreldrerettleiingsprogram.	Aktuelle einingsleiarar	Fagleiarar Team med kompetanse på foreldrerettleiing	2018 - 2020

12.4 Eldre

Slik har vi det i 2018:

- Eige tildelingskontor for helse- og omsorgstenester.
- Utviklingssenter for sjukeheim og heimesjukepleie gjev auka kunnskap og openheit som kan bidra til å førebygge vald og overgrep.
- Har 80% fast sjukeheimslege og 20% tilsynslege.
- Pasientar i heimetenesta har oppfølging av eigen fastlege.
- Alle pasientar ved sjukeheimen og i heimesjukepleien har eigen primærkontakt/team.
- Blir innføring av primærkontakt for demente som bur heime frå 01.01.18.
- Eige demensteam med spesiell kompetanse på demens.
- Mange tilsette med god kompetanse, men også mange ufaglærte.
- Har eige brukar- og pårørandeutval (BPU).
- Har starta etisk refleksjonsgruppe med etikkrettleiarar i helse og omsorg.
- Førebyggande heimebesøk til eldre på 75 år er under planlegging ved frisklivsentralen.

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • God kompetanse på eldre og demens • Har utviklingssenter for sjukeheim og heimesjukepleie • Mange erfarne fastlegar med god kjennskap til pasientane på lista si, og fast tilsett sjukeheimslege 	<ul style="list-style-type: none"> • Er høg terskel for å melde frå om vald og overgrep hjå personell i helse- og omsorgstenesta • Har ein del vikarbruk pga. av permisjonar og sjukefråvær • Har assistentar/ufaglærte i vakter • Treng meir kompetanse på rus og

	psykiatri <ul style="list-style-type: none"> • Aukande tal eldre innbyggjarar med ikkje-norsk etnisitet gjev språklege, religiøse og kulturelle utfordringar • Er truleg mørketal/skjult problem blant eldre i kommunen
--	---

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette i einingar som jobbar med gruppa eldre har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om teikn som gjev grunnlag for uro, slik at vald og overgrep mot eldre blir identifisert, og rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Tilsette som jobbar med eldre har god innsikt i plikter og ansvar frå offentleg tilsett m.a. i forhold til avverjeplikt og meldeplikt.
- Fått innført rutinar der vi stiller spørsmål om vald og overgrep når vi tildeler og yt helse- og omsorgstenester til eldre.
- Innført førebyggjande heimebesøk til eldre på 75 år, der ein har høve til å førebygge og avdekke vald
- Eldre har innsikt og kunnskap om kva hjelpeapparatet som finst for valdsutsette.

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre god nok opplæring og kunnskap slik at vald og overgrep mot eldre blir identifisert.	Aktuelle einingsleiarar	Aktuelle fagleiar	2018 - 2019
Innføre rutine for spørsmål om vald og overgrep der ein tildeler og yt helse- og omsorgstenester.	Aktuelle einingsleiar Tildelingskontoret	Aktuelle fagleiar	2018
Innføre rutinar for førebygging og avdekking av vald og overgrep ved førebyggjande heimebesøk til eldre over 75 år.	Frisklivscentralen	Folkehelsegruppa	2018
Utarbeide skriftleg rutine for kva vi gjer når vald og overgrep mot eldre blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Aktuelle einingsleiarar	Aktuelle fagleiar	2018
Informasjon om vald og overgrep på kommunen sine heimesider mellom anna om krisesenter og kontakttelefonen «Vern for eldre».	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar Fagutvikling og koordinering	2018 - 2019

12.5 Personar med nedsett funksjonsevne

Slik har vi det i 2018:

- Bu- og miljøtenesta, Bu- og avlastningstenesta og Førde ressurscenter har gode rutinar for å handtere vald og overgrep frå personar som ikkje har tilknytning til dei ein yt tenester til, og der brukarar utøver vald mot andre brukarar.
- Bu- og miljøtenesta, Bu- og avlastningstenesta og Førde ressurscenter opplever at det kan vere ei utfordring å avdekke vald og overgrep i brukarane sine nære omsorgs- og familierelasjonar.
- Eigne koordinerande team for barn og unge og for vaksne.
- Eige tildelingskontor for helse- og omsorgstjenester.
- Eige kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • God generell kompetanse • Godt internt samarbeid som gjer det lettare å fange opp mistanke om vald og overgrep 	<ul style="list-style-type: none"> • Har ikkje kompetanse som er spissa innanfor vald og overgrep • Har ikkje formalisert samarbeid på tvers av ulike einingar og etatar • Det er truleg mørketall for vald og overgrep hjå denne gruppa i kommunen.

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette som jobbar med personar med nedsett funksjonsevne har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om vald og overgrep, slik at vald og overgrep mot personar med nedsett funksjonsevne blir identifisert.
- Fått innført rutinar der vi spør om vald og overgrep når vi tildeler og yt helse- og omsorgstjenester til personar med nedsett funksjonsevne
- Har innarbeidd gode rutinar for kva vi gjer når vald og overgrep blir avdekt slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Det er godt samarbeid mellom einingar og etatar som må samarbeide for å førebygge, avdekke og følge opp valdsutsette.

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansvarleg	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre opplæring og kunnskap slik at vald og overgrep mot personar med nedsett funksjonsevne blir identifisert.	Aktuelle einingsleiarar	Aktuelle fagleiarar	2018 - 2019
Innføre rutine for spørsmål om vald ved tildeling av helse- og omsorgstjenester	Aktuelle einingsleiar Tildelingskontoret	Aktuelle einingsleiarar/fagleiarar	2018
Utarbeide skrifteleg rutine	Aktuelle	Aktuelle fagleiarar	2018

Tiltak	Ansvarleg	Partar	Tidspunkt
for kva vi gjer når vald mot personar med nedsett funksjonsevne blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Einingsleiarar		
Opprette tverrfaglege samarbeidsrutinar / samarbeidsteam med fokus på å førebygge, avdekke og følgje opp valdsutsette.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar/fagleiarar, politi, barnevern, lege, overgrepsmottak, vaksenhabiliteringseininga	2018 - 2019

12.6 Personar med utviklingshemming

Slik har vi det i 2018:

- Bu- og miljøtenesta, Bu- og avlastningstenesta og Førde ressurscenter har gode rutinar for å handtere vald og overgrep frå personar som ikkje har tilknytning til dei ein yt tenester til, og der brukarar utøver vald mot andre brukarar.
- Bu- og miljøtenesta, Bu- og avlastningstenesta og Førde ressurscenter opplever at det kan vere ei utfordring å avdekke vald og overgrep i brukarane sine nære omsorgs- og familie relasjonar.
- Bu- og miljøtenesta, Bu- og avlastningstenesta og Førde ressurscenter har deltakarar i to ABC-grupper. (ABC er en opplæring som retter seg til personell som gir helse- og omsorgstjenester til barn, unge, voksne og eldre med utviklingshemming, og skal bidra til bedre tjenester til personer med utviklingshemming)
- Eige tildelingskontor for helse- og omsorgstenester
- Eigne koordinerande team for barn og unge og for vaksne

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • God generell kompetanse • Godt samarbeid mellom tenestetilboda som sikrar at vi fangar opp mistanke om vald og overgrep 	<ul style="list-style-type: none"> • At vi ikkje har kompetanse som er spissa innanfor vald og overgrep. • Har ikkje formalisert samarbeid på tvers av dei ulike etatane. • At personar med utviklingshemming kan utøver vald mot personell og pårørande. • At det truleg er mørketall for vald og overgrep hjå denne gruppa i kommunen

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette som jobbar med personar med utviklingshemming har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om vald og overgrep, slik at vald og overgrep mot personar med utviklingshemming blir identifisert.

- Fått innført rutinar der vi spør om vald og overgrep når vi tildeler og yt helse- og omsorgstenester til personar med nedsett utviklingshemming.
- Har innarbeidd gode rutinar for kva vi gjer når vald og overgrep blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Det er godt samarbeid mellom einingar og etatar som må samarbeide for å førebygge, avdekke og følgje opp valdsutsette

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansvarleg	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre opplæring og kunnskap slik at vald mot personar med utviklingshemming blir identifisert.	Aktuelle einingsleiar	Aktuelle fagleiarar	2018 - 2019
Innføre rutine for spørsmål om vald ved tildeling av helse- og omsorgstenester.	Einingsleiar Tildelingskontoret	Aktuelle einingsleiarar	2018
Utarbeide skriftleg rutine for kva vi gjer når vald mot personar med utviklingshemming blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Aktuelle einingsleiar	Aktuelle fagleiarar	2018
Utarbeide nytt hefte - «Opplæringsverktøy med ABC-opplæring»	Aktuelle einingsleiar	ABC koordinator	2018 - 2019
Opprette tverrfaglege samarbeidsrutinar/ samarbeidsteam med fokus på å førebygge, avdekke og følgje opp valdsutsette.	Rådmannen/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar. Fagleiarar, politi, barnevern, lege, overgrepsmottak, vaksenhabiliteringseininga	2018- 2020

12.7 Personar med psykisk og/eller rusrelaterte utfordringar

Slik har vi det i 2018:

- Eige tildelingskontor for helse- og omsorgstenester.
- Har «Brukerplan» for å kartlegge omfanget av rus- og/eller psykiske utfordringar blant tenestemottakarane i kommunen.
- Psykiatritenesta har eigen barneansvarleg.
- Alle brukarar i psykiatritenesta har primærkontakt og nokre har også sekundærkontakt.
- Brukarar i psykiatritenesta med omfattande hjelpebehov har oppfølging av eige team der både primærkontakt og sekundærkontakt har ekstra ansvar for oppfølging.

- Psykiatritenesta har rutine for risikovurdering av brukarar i samarbeid med spesialisthelsetenesta der dette er aktuell problemstilling.
- Oppstart av kompetanseheving blant personalet i psykiatritenesta om valdsrisikovurdering -des. 17.
- Psykiatritenesta er i startfasen av systemisert pårørandesamarbeid.
- Psykiatritenesta har skriftleg rutine for handtering av vald og truslar om vald frå brukarar mot personalet og frå personalet mot brukarar utarbeidd etter Ros-analyse (tiltakskort i psykiatritenesta).
- Psykiatritenesta har fått betre samarbeid med brukarane sin fastlege etter oppstart av e-link. Lågare og raskare terskel for samarbeid.
- Godt samarbeid mellom NAV og psykiatritenesta kring felles brukarar.

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • God generell kompetanse på rus og psykisk sjukdom hjå tilsette i psykiatritenesta. Mange med både lang erfaring og/eller vidareutdanning innan psykisk helse eller rus. • Stabil personalgruppe. • Psykiatritenesta har rutinar for å kartlegge brukarane sin familie, om dei har barn, samvær med/omsorg for barn. 	<ul style="list-style-type: none"> • Manglar kompetanse og erfaring spesielt på området vald og overgrep. • Teieplikta kan bli sett på som eit hinder for samarbeid. • Å bruke opplysningar frå «Brukerplan» meir målretta. • Har ikkje elektronisk informasjonsutveksling med NAV (som e-link). • Sentraliseringa i NAV har gitt utfordringar for brukarar og samarbeid. • Manglar fora for tverrfagleg samarbeid, spesielt opp mot barn og unge. • Manglar psykolog tilknytt psykiatritenesta. • Aukande tal brukarar i psykiatritenesta med ikkje-norsk etnisitet gjev språklege- kulturelle- og religiøse utfordringar (sjå pk. 9.8). • Det er truleg mørketall for vald og overgrep hjå denne gruppa i kommune.

Slik vil vi ha det i 2020:

- Tilsette som jobbar med personar med psykisk- og/eller rusrelaterte utfordringar har god kunnskap og kompetanse om teikn som gjev grunnlag for uro, slik at vald og overgrep blir identifisert.
- Tilsette som jobbar med personar med psykisk og/eller rusrelaterte utfordringar har god innsikt i plikter og ansvar frå offentleg tilsett m.a. i forhold til avverjeplikt og meldeplikt.
- Fått innført rutinar der vi spør om vald og overgrep når vi tildeler og yt helse- og omsorgstenester til personar med psykisk- og/eller rusrelaterte utfordringar .
- Har innarbeidd gode rutinar for kva vi gjer når vald og overgrep blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Psykiatritenesta har starta etiske refleksjonsgruppe

- Bruker informasjon frå «Brukerplan» meir målretta for å kunne prioritere og evaluere ressursbruken til det beste for brukarane
- Det er innarbeidd rutinar for tverrfagleg samarbeid med aktuelle instansar
- Psykiatritenesta har fått på plass alarmsystem
- Det er oppretta informasjonsutveksling med NAV (tilsvarande e-link)
- Psykolog tilsett i psykiatritenesta

Slik gjer vi det:

<i>Tiltak</i>	<i>Ansv.</i>	<i>Partar</i>	<i>Tidspunkt</i>
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre opplæring og kunnskap om vald og overgrep blant personar med psykisk og/eller rusrelaterte utfordringar, slik at valden blir identifisert.	Einingsleiar psykiatritenesta Einingsleiar NAV	Aktuelle fagleiarar psykiatritenesta	2018 - 2019
Innføre rutine for spørsmål om vald ved tildeling av helse- og omsorgstenester.	Einingsleiar tildelingskontoret		2018
Sikrar at prosedyre for handtering og førebygging av vald og overgrep mot brukarar og personale er kjent i organisasjonen, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid	Einingsleiar psykiatritenesta Einingsleiar NAV	Tilsette i aktuelle einingar	2018 – 2020 (kontinuerlig)
Sikre at ein har tilsette med ekstra kompetanse på vald og overgrep i aktuelle einingar	Einingsleiar psykiatritenesta Einingsleiar i aktuelle einingar	Fagleiarar i psykiatritenesta	2018-2020
Få på plass alarmsystem for tilsette i psykiatritenesta (arbeidet starta)	Einingsleiar psykiatritenesta	Tilsette i psykiatritenesta	2018
Få på plass betre informasjonsutveksling mellom psykiatritenesta og NAV	Rådmann/kommunalsjef	Einingsleiar psykiatritenesta Einingsleiar NAV	2018- 2020
Opprette rutinar for tverrfagleg samarbeid mellom psykiatritenesta og andre aktuelle instansar når personar med psykiske og/eller rusrelaterte utfordringar har	Aktuelle kommunalsjefar og einingsleiarar	Barnevern, helsestasjon, barnehage, skule, PPT, BUP	2018 - 2019

<i>Tiltak</i>	<i>Ansv.</i>	<i>Partar</i>	<i>Tidspunkt</i>
omsorg for barn.			
Opprette refleksjonsgrupper i psykiatritenesta	Einingsleiar psykiatritenesta	Fagleiarar i psykiatritenesta Tilsette i psykiatritenesta	2018 - 2019
Vurdere tilsetning av psykolog i psykiatritenesta	Rådmann/kommunalsjef	Einingsleiar psykiatritenesta	2019-2020 (opptrappingsmidlar for psykolog i kommunehelsetenesta)

12.8 Flyktningar og asylsøkjjarar

Slik har vi det i 2018:

- Førde kommune har vedteke eigen flyktningplan «Plan for busetjing og integrering av flyktningar 2017-2026».
- Førde norsksenter kvalifiserer for intergering gjennom å tilby grunnskuleopplæring for vaksne, introduksjonsprogram for busette flyktningar, opplæring i norsk og samfunnskunnskap for dei med rett og plikt samt familiesameinte.
- Førde norsksenter tilbyr også norskopplæring på dagtid og kveldstid for arbeidsinnvandrar og andre utan rett og plikt.
- Alle må bestå ein eksamen i samfunnskunnskap for å få permanent opphald i Norge. I opplæringa er det obligatoriske tema om m.a. kjønnslemlesting, vald i nære relasjonar, likestilling mellom kjønna, barneoppdraging og homofili.
- Ved mistanke om vald og overgrep i nære relasjonar kontaktar Førde norsksenter politiet, og ev. krisesenteret.
- Alle får tilbod om gratis fyrstegongs helseundersøking med fokus på infeksjonsstatus og psykososiale utfordringar.
- Alle får hjelp frå Førde norsksenter til å søkje om fastlege. Barn og unge går inn i det ordinære helsestasjonsprogrammet.
- Kommunehelsetenesta kartlegg kjønnslemlesting og gjev informasjon om norsk lov, rettar og plikter til kjente risikogrupper i svangerskapsomsorga
- Det er fast helsesøster med lang erfaring på området knytt til både til busette flyktningar.
- Tilsett migrasjonspedagog i Førde kompetanseteam
- NAV jobbar aktivt for å få flyktningar og asylsøkjjarar inn i ordinært arbeidsliv så tidleg som mulig i samarbeid med norsksenteret og andre einingar i kommunen.
- Ein lærar frå Halbrend skule og ein tilsett ved barnevern har tatt «Mentorutdanning om førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme» ved RVTS.
- Førde Mottakssenter (tidligare Bergum mottak) vart nedlagt 01.01.18

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • All opplæring i norsk og samfunnskunnskap, 	<ul style="list-style-type: none"> • Språklege, kulturelle og religiøse utfordringar

introduksjonsprogram og busetting blir gjort i ei eining. Dette gjev god oversikt over arbeidet

- Førde norsksenter har nulltoleranse for vald, truslar og kulturell/religiøs betinga negativ åtferd.
- Tilsette ved Førde norsksenter er tett på flyktingar som har ulike utfordringar i den tida dei går i introduksjonsprogrammet
- Fast helsesøster med lang erfaring innan oppfølging av flyktingar og asylsøklarar

- Språkbarriere når det gjeld t.d. psykologhjelp. Det er vanskeleg å uttrykke seg gjennom tolk. Dette kan gjere det vanskeleg å førebyggje psykiske lidningar og rusrelatert åtferd som kan føre til vald.
- Flyktingar kan ha utfordringar med å erkjenne at dei har psykiske vanskar grunna kulturelle tabu kring dette.
- Mange kjem frå kulturar der oppdraging og sanksjonssystem kan handle om fysisk straff og vald
- Kulturelle forhold der foreldre «eig» barna sine, og difor kan bruke oppdragarvald.
- Jenter som får innskrenka sine handlingsrom grunna kultur/religion
- Tvangsekteskap kan bli oppfatta som noko anna enn tvang. Noko ein gjer fordi det er forventa av familien. Utfordring å fange opp dei unge jentene frå 15-18 år.
- Kan bestå eksamen i samfunnskunnskap, men likevel handle på ein måte som ikkje er lovleg i Norge
- Manglar integreringsarena for menn som ikkje forstår og aksepterer den norske kulturen og lovverk.
- Det tar lang tid å endre kulturell åtferd og haldningar.
- Dårleg økonomi gjer delar av helsetenesta mindre tilgjengeleg
- Betre rutinar for kartlegging, ansvar og oppfølging av traume og psykiske utfordringar
- Uklart kven som ser flyktingane som har psykiske utfordringar etter at dei er ferdige i introduksjonsprogrammet.
- At alle einingar i Førde kommune får meir kunnskap om kulturelle og religiøse utfordringar og får felles måtar å handtere religiøse/kulturell betinga negativ åtferd.
- Kvalifisert tolk

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle tilsette som jobbar med flyktningar og innvandrarak har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse om vald og overgrep, slik at vald og overgrep mot flyktningar og innvandrarak blir identifisert.
- Har innarbeidd gode rutinar for kva vi gjer når vald og overgrep blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.
- Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap blir vidareført og med auka fokus på konsekvensar av vald og overgrep i nære relasjonar.
- Førde norsksenter har ressursar for å drive opplæring og informasjonsarbeid av andre einingar i Førde kommune om kulturelle utfordringar og korleis ein kan handtere desse.
- Det er ei felles forståing i einingane i Førde kommune på korleis ein møter kulturelle og religiøse utfordringar.
- Faste tverretatlege møtepunkt for å sikre samarbeidet og betre samla kompetanse
- Kvinner med flyktning- og innvandrarakgrunn har kunnskap om kva rettar dei har etter vald i nære relasjonar mot seg og barna, og kva hjelpetilbod som finst.
- Førde kommune har ein utbygd integreringspolitikk som tek i vare menn frå andre kulturar, slik at dei forstår at det er ærerikt å ikkje utøve vald.
- Har gode kartleggings- og samarbeidsrutinar knytt til helseutfordringar av traume og opplevingar
- God tilgang på kvalifisert tolk

Slik gjer vi det:

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Kartlegge behov for auka kompetanse og sikre opplæring og kunnskap slik at vald og overgrep blant flyktningar og asylsøkjarak blir identifisert.	Aktuelle einingsleiarar		2018 - 2019
Utarbeide skrifteleg rutine for kva vi gjer når vald mot flyktningar og asylsøkjarak blir avdekt, slik at rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Aktuelle einingsleiarar		2018
Sikre at flyktningar og asylsøkjarak får god kjennskap til hjelpeapparat og lovverk.	Aktuelle einingsleiarar Norsksenteret		2018 – 2020
Utarbeide rutinar for å fange opp mulege kandidatar til tvangsekteskap. - God informasjon integrert i opplæringa frå grunnskule til vidaregåande. - Sikre at ungdomar kjenner til rettane sin og kvar dei kan få beskyttelse.	Aktuelle einingsleiarar	Norsksenter Grunn- og vidaregåande skule Helsestasjon Legesenter	2018 - 2019

Tiltak	Ansv.	Partar	Tidspunkt
Sikre at Førde norsksenter har ressursar for å drive opplæring og informasjonsarbeid til andre einingar i kommunen.	Rådmann/ kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar	2018 - 2020
Innarbeide rutinar for tverrfagleg samarbeid rundt personar med flyktning- og innvandrarbakgrunn.	Aktuelle einingsleiarar <ul style="list-style-type: none"> Norsksenter Grunn- og vidaregåande skule Helsestasjon Legesenter		2018 - 2019
Sikre god tilgang på kvalifiserte tolkar.	Rådmann/ kommunalsjef		2018 - 2020

12.9 Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT)

Slik har vi det i 2018:

- Undervisning og brosjyrar gitt i skulen av lærarar, helsepersonell og Smiso brukar eit inkluderande språk og har ei bevisst haldning i forhold til LHBT.
- Skeiv ungdom (ungdomsorganisasjon for LHBT) stifta lokallag i Sogn og fjordane i 2016.
- Skulehelseteneste med fast kontortid på alle grunn – og vidaregåande skulane i Førde.
- Helsestasjon for ungdom og studentar kvar tysdag ettermiddag.

Sterke sider	Utfordringar
<ul style="list-style-type: none"> • Erfaren og bevisste tilsette i både innafor helse, barnehage og skule • Smiso innarbeidd undervisningsopplegg om seksuelle overgrep til alle 6- klassar i kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> • Fri – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold er ikkje lokalisert i Sogn og Fjordane. • Ikkje innført bruk av kompetansehevingsopplegget «Rosa kompetanse» som blir gitt av Fri. • Blir offentleg hevda av LHBT personar at det er vanskeleg å vere open om sin seksuelle orientering og kjønnsidentitet i Sogn og Fjordane. (fleire intervju/innlegg Firda og NRK Sogn og fjordane og Aftenposten 09.05.17)

Slik vil vi ha det i 2020:

- Alle innbyggjarar skal ha gode levekår i kommunen uavhengig av seksuell orientering, rase, kjønn, eller livsstil.

- Alle tilsette i kommunen har kunnskap om dei særleine utfordringane gruppa LHBT har, og er kjent med at denne gruppa har eit spesielt vern i lovverket.
- LHBT i kommunen skal oppleve gode haldningar som gjer det trygt å vere opne om og bli akseptert for sin seksuelle orientering eller kjønnsidentitet.
- Kommunen har eit inkluderande språk i forhold til LHBT i undervisning om seksualitet, og i anna framstilling frå kommune.

Slik gjer vi det:

<i>Tiltak</i>	<i>Ansv.</i>	<i>Partar</i>	<i>Tidspunkt</i>
Kartlegge behov for auka kompetanse i forhold til gruppa LHBT, og sikre god nok opplæring og kunnskap, slik at vald og overgrep blir identifisert og rett hjelp og vern blir gitt til rett tid.	Aktuelle einingsleiar	Tilsette i aktuelle einingar	2018
Innarbeide gode haldningar og aksept for gruppa LHBT blant innbyggjarar i kommunen.	Rådmannen/kommunalsjef	Aktuelle einingsleiarar Ungdomsleiar	Kontinuerleg
Kommunen er bevisst på å syne seg som ein LHBT-inkluderande kommune ved å for eksempel å bruke bilde av LHBT-personar på kommunen sine heimsider.	Rådmannen/kommunalsjef	Fagutvikling og koordinering	Kontinuerleg
Bruke regnbogeflagget på offentlege stadar, for eksempel markere regnbogedagen 9. juni.	Rådmannen/kommunalsjef	Fagutvikling og koordinering	Årleg

13 Aktuelle lovverk og lenkjer

Kommunen sitt tilbod til befolkninga blir regulert gjennom ei rekkje lover. Lover som er aktuelle og gjev grunnlag for kommunen sin innsats på området vald i nære relasjonar er:

Lov om kommunale krisesentertilbud forpliktar kommunane til å ha eit krisesentertilbud til kvinner, menn og barn. Lova krev også at det skal etableres kontakt med andre aktuelle delar av tenesteapparatet. Se §§ 3 og 4 om Individuell tilrettelegging av tilbod og om samordning av tenester.

Lov om barn og foreldre gir regler om barnefordeling, kvar barnet skal bu fast, samvær og eventuell deling av foreldreansvaret

Lov om barneverntjenester. Her finst dei mest sentrale reglar i kap. 4 og i kap. 7, sistnemnde er om saksbehandling i Fylkesnemnda.

Lov om ekteskap. Her vil reglane om frivillig inngåing av ekteskap, mekling ved familievernkantoret, separasjon, skilsmisse og skifteoppgjør vere dei viktigste.

Lov om forbud mot kjønnslemlestelse (kjønnslemlestelsesloven). Her er avvergeplikta det mest sentrale, og har sin generelle «tvilling» i Straffelova § 139.

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen regulerar rett til økonomisk stønad, rett til krisebustad m.m. og hjelp til personar som treng det for å kunne overvinne eller tilpasse seg ein vanskeleg livssituasjon (§§ 17, 18 og 19).

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Kap. 9a skal sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. gir grunnlaget for dei praktiske helse- og omsorgstenestene. Ny §3-3 tydeleggjer kommunen sitt systemansvar for å forebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep.

Lov om spesialisthelsetjenestene. Mykje av det som står her, vil for den aktuelle målgruppa bli dekt av anna lovgjevning.

Alminnelig borgerlig straffelov (straffeloven). Ei rekkje bestemmingar vil vere aktuelle, særleg § 219 om familievald og § 222 om tvangsekteskap.

Lov om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven) har mange viktige reglar, spesielt kapittel 9 om retten til bistandsadvokat, kapittel 10 om vitner, og kapittel 17a om besøksforbod (også i valdsutøver sin eigen heim).

Lov om erstatning fra staten for personskade valdt ved straffbar handling m.m. gjev rett til erstatning fra Staten sjølv om gjerningsmann ikkje kan eller ikkje vil betale erstatning.

Lov om pasient- og brukerrettigheter gjev opplysningar om pasientar og klientar sine rettar, og Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. omtalar i hovudsak kva hjelp ein kan få.

Lov om folkehelsearbeid, §4 omhandlar kommunen sitt ansvar for å førebyggje fysisk og psykisk sjukdom samt fremme god helse.

Lov om folketrygd omfatter NAV sine reglar om stønad til einsleg forsørger, arbeidsavklaringspengar m.m.

- [Alternativ til vold](#)
- [Det kriminalitetsforebyggende råd \(KRÅD\)](#) - Samordningsmodell for Lokale, forebyggende Tiltak mot rus og kriminalitet (SLT)
- [JURK](#) - Juridisk rådgivning for kvinner
- [Kirkelig ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep](#)
- [Krisesentersekretariatet](#)
- [Nasjonale handlingsplaner](#)
- [Nasjonalt kunnskapssenter om volds og traumatisk stress \(NKVTS\)](#)
- [Regionale ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging RVTS\)](#)
- [Overgrep mot eldre i Norge - erfaringer og løsningsstrategier](#) - en kvalitativ studie om overgrep mot eldre i Norge.
- [Overgrep mot eldre - oversikt over litteratur](#)
- [Rådgivningskontorene for kriminalitetsofre \(RKK\)](#)
- [Senter for krisepsykologi](#)
- [Spillerum](#) - et pedagogisk spel om grænser og seksualitet for børn i alderen 3-14 år, Socialstyrelsen, Danmark
- [Stopp volden - snakk ut](#), nettsted, Trondheim kommune
- [Traumenett](#)
- [Overgrepsmottak. Veileder for helsetjenesten](#), HelseDirektoratet
- [Oversikt over informasjonsmateriell - om tvangsekteskap og kjønnslemlestelse](#), Bufetat
- [Seksuelle overgrep mot barn - en veileder for hjelpeapparatet](#), HelseDirektoratet
- [Vern for eldre](#) - Nasjonal kontaktelefon

Filmar:

- [Hjemme verst](#) er ein undervisningsfilm som dreier seg om den kritiske fasen rundt mistanke om overgrep mot barn og unge.
- Overgrep mot eldre
[Overgrep mot eldre - kan du hjelpe](#), eit elektronisk opplæringsprogram om overgrep mot eldre retta mot helsepersonell.
- [Sinna mann](#) er ein animasjonsfilm basert på boken "Sinna Mann" av Gro Dahle og Svein Nyhus og handler om vald i heimen.